



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Føresegner

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2016

For tildelingar i 2017



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Føresegner

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2016

For tildelingar i 2017

1.	INNLEIING	7
1.1	Bakgrunn	7
1.2	Lovheimel og forskrift	7
1.3	Generell informasjon og søknadsprosedyre	9
1.3.1	Fristar	10
2.	FØRESEGNER FOR ORDINÆRE ANLEGG	11
2.1	Definisjon	11
2.1.1	Rett til tilskot	11
2.1.2	Utan rett til tilskot	11
2.2	Krav til søknaden	12
2.2.1	Krav til søkar	12
2.2.2	Krav til universell utforming	13
2.2.3	Kostnadskrevjande anlegg	13
2.2.4	Kommunal garanti	13
2.2.5	Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn	14
2.2.6	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for idrettsanlegg	14
2.2.7	Kommunal plan	15
2.2.8	Obligatoriske vedlegg og krav til dei einskilde vedlegga	15
2.2.9	Krav ved fornya eller gjenteken søknad	16
2.3	Krav til drifta av og disposisjon over anlegget	17
2.3.1	Ope for allmenn idrettsleg verksemd	17
2.3.2	Vedlikehald og oppgradering av anlegget	17
2.3.3	Disposisjonar over spelemidelfinansiert idrettsanlegg som krev søknad om skriftleg førehandssamtykke frå departementet	17
2.3.4	Utleige, utlån og bruks- og driftsavtaler	18
2.3.5	Misleghald og misleghaldssanksjonar	19
2.3.6	Tilbakebetaling av tildelte midlar	19
2.4	Tilskot til rehabilitering av anlegg	20
2.4.1	Allment	20
2.4.2	Definisjon	20
2.4.3	Allmenne føresegner	20
2.5	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar	21
2.5.1	Allment	21
2.5.2	Godkjenningsmakt	21
2.5.3	Kommunal behandling av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning	22
2.5.4	Saksgang for søknader som skal sakshandsamast av departementet	22
2.5.5	Universell utforming	22
2.5.6	Allmenne vedlegg	23
2.5.7	Innandørsanlegg	23
2.6	Storleiken på tilskotet	24
2.6.1	Tilskotssum	24
2.6.2	Særlege tilskotssatsar i einskilde kommunar	24

2.6.3	Særskilt tilskot ved større interkommunale idrettsanlegg.....	25
2.6.4	Særskilte tilskotsbeløp	26
2.6.5	Fastsette søknadssummar for ein del typar ordinære idrettsanlegg.....	28
3.	FØRESEGNER FOR NÆRMILJØANLEGG	43
3.1	Definisjon.....	43
3.1.1	Anleggstypar/element med rett til tilskot.....	43
3.1.2	Utan rett til tilskot.....	44
3.2	Krav til anlegget.....	44
3.2.1	Krav til drift av anlegget.....	44
3.3	Krav til søknaden	45
3.3.1	Krav til søkar	45
3.3.2	Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn.....	45
3.3.3	Teknisk krav og godkjenning.....	46
3.3.4	Nærmiljøanlegg i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet	46
3.4	Tilskotssum og sumgrense.....	46
3.4.1	Tilskot til rehabilitering	47
4.	FØRESEGNER FOR LØYPETILTAK I FJELLET OG OVERNATTINGSHYTTER	48
4.1	Allmenne føresegner	48
4.2	Krav til søkar	48
4.3	Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn.....	48
4.4	Rett til tilskot	49
4.5	Tilskotssum og sumgrense.....	50
4.6	Krav til søknad om spelemidlar	50
4.7	Dugnad	51
4.8	Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.....	51
4.9	Krav til drifta av anlegget.....	51
4.10	Søknadsprosedyre	52
4.11	Utbetaling av tilskot.....	52
5.	REKNESKAP OG KONTROLL.....	53
5.1	Rekneskapsplikt.....	53
5.2	Krav til rekneskapsførar.....	53
5.3	Krav om eigen anleggsrekneskap.....	53
5.4	Krav om rekneskap som kan samanliknast med godkjent kostnadsoverslag og finansieringsplan	53
5.5	Krav til dokumentasjon av utbetalningar og innbetalningar	54
5.6	Dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar - registrering i rekneskapsskjemaet	54
5.7	Finansiering – registrering i rekneskapsskjemaet.....	54
5.8	Meldeplikt, skattetrekk osv.....	54
5.9	Krav om godkjenning av anlegget etter ferdigstilling	55

5.10	Utlevering av dokumentasjon til revisor	55
5.11	Krav til revisor	55
5.12	Krav til kontroll av rekneskap	55
5.13	Revisorattestasjon	56
5.14	Utbetaling av tilskot.....	56
5.15	Kontroll av rekneskapane osv.....	56
6.	KOMMUNAL OG FYLKESKOMMUNAL SAKSBEHANDLING	57
6.1	Kommunal saksbehandling	57
6.1.1	Kommunal planlegging	57
6.1.2	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar	57
6.1.3	Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader (www.idrettsanlegg.no).....	58
6.1.4	Saksbehandling og prioritering.....	58
6.1.5	Søknadsgrupper	59
6.1.6	Oversending til fylkeskommunen.....	59
6.1.7	Utbetaling av midlar	59
6.1.8	Attestasjon av ferdig anlegg.....	59
6.1.9	Revisjon.....	59
6.2	Fylkeskommunal saksbehandling	59
6.2.1	Saksbehandling av søknader og oversending av oversikter til departementet	59
6.2.2	Fastsetjing av tilskot til fylkeskommunen.....	60
6.2.3	Prioritering av søknader og fordeling av spelemidlar.....	60
6.2.4	Overføring av tildelte summer til fylkeskommunen	60
6.2.5	Utbetaling til den einkilde tilskotsmottakar	60
6.2.6	Inndraging av tildelte spelemidlar	61
6.2.7	Fylkeskommunen si innsending av oversyn over tildelingar, utbetalingar og inneståande spelemidlar	61
6.2.8	Bruk av rentemidlar og inndregne midlar	62
6.2.9	Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader (www.idrettsanlegg.no).....	62
7.	KLAGERETT.....	63
8.	KOMPENSASJON AV MEIRVERDIAVGIFT VED BYGGING AV IDRETTSANLEGG.....	63
9.	AKTUELL INFORMASJON.....	64
9.1	Spelemidlar til utstyr	64
9.2	Lovgivning	64
9.3	Publikasjonar.....	65
9.4	Kontaktinformasjon	65
10.	AKTUELLE ADRESSER.....	66

Vedlegg

- Vedlegg 1: Rundskriv V-0994
- Vedlegg 2: Særlege tilskotssatsar i pressområde
- Vedlegg 3: Krav til vedtekter som skal førehandsgodkjennast av Kulturdepartementet
- Vedlegg 4: Standardvedtekter – stiftingar
- Vedlegg 5: Standardvedtekter – aksjeselskap
- Vedlegg 6: Standardvedtekter – allmennaksjeselskap
- Vedlegg 7: Standardvedtekter – samvirkeføretak
- Vedlegg 8: Avtalepunkt – interkommunale idrettsanlegg
- Vedlegg 9: V-0914 B Sjekkliste angående arkitektur og estetikk
- Vedlegg 10: V-0915 B Sjekkliste angående miljøforhold
- Vedlegg 11: Krav til vedlegg for spesielle anlegg
- Vedlegg 12: Estetiske og miljømessige anbefalingar
- Vedlegg 13: Definisjonar av turvegar/turløyper/turstiar
- Vedlegg 14: Om anleggspolitisk program

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Staten sitt overordna mål kan samanfattast i visjonen *idrett og fysisk aktivitet for alle*.

Konsekvensen av idrett og fysisk aktivitet for alle er at staten gjennom sin bruk av verkemiddel skal legge til rette for at alle som ønsker det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Staten har som mål å medverke til bygging og rehabilitering av infrastruktur slik at så mange som råd kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og dugleiksnivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og naudsynt at det vert gjort behovsvurderingar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen er det viktig for staten å framheve at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er **born (6–12 år) og ungdom (13–19 år)**. I tillegg vil staten leggje til rette for at **personar med nedsett funksjonsevne** skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ønske og føresetnader. Det er òg eit mål å legge til rette for at personar som i dag er **fysisk inaktive**, kjem i gang med aktivitet.

Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal medverke til ein infrastruktur som gir folk høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten.

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar born sitt behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert særskilt prioriterte. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som møter ungdommen sin trong for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.

Spelemidlar til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggsfeltet.

1.2 Lovheimel og forskrift

Lov om pengespel

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespill m.v. av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar, der det i § 10 andre ledd heiter:

”Overskuddet fra spillvirksomheten i selskapet og datterselskap fordeles først med 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål. Deretter fordeles resterende overskudd med 64 % til idrettsformål, 18 % til kulturformål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Midlene fordeles nærmere av Kongen.”

Om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsføremål

Med heimel i pengespillova vedtok statsråd 11. desember 1992 følgande forskrift:

- § 1 Kongen foretar hvert år, etter innstilling fra Kulturdepartementet, fordelingen av idrettens andel av overskuddet i Norsk Tipping AS på hovedposter.
- § 2 Kulturdepartementet eller den departementet gir fullmakt foretar fordelingen innenfor rammen av de enkelte poster. Departementet fastsetter prosedyrer og detaljregler for fordelingen.
- § 3 Hovedretningslinjene for bruk av idrettens andel av overskuddet til Norsk Tipping AS er at:
- a) midlene i første rekke brukes til utbygging av idrettsanlegg
 - b) det ytes midler til Norges Idrettsforbunds administrasjon og viktige arbeidsoppgaver
 - c) det ytes midler til andre idrettsoppgaver og formål som departementet finner berettiget til stønad
- § 4 Forskriften trer i kraft 1. januar 1993.

Kulturdepartementet sine føresegner

Med heimel i kgl. res. av 3. april 1987 gav Kultur- og vitskapsdepartementet (no Kulturdepartementet, heretter kalla departementet) fylkeskommunane fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet (post 1.1 "Idrettsanlegg i kommunane" på hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsføremål).

Føremålet med føresegnene er å sikre at spelemidlane kjem idrettsanlegg og dermed idrettslege føremål til gode.

Departementet har fastsett særskilte krav til prosedyre og behandling av søknadene.

Mottakar av spelemidlar bind seg til ei kvar tid å halde seg orientert om gjeldande føresegner.

1.3 Generell informasjon og søknadsprosedyre

Ein må normalt fremme søknad seinast i løpet av søknadsåret etter at anlegget er ferdig.

Kva anlegg kan ein søke om tilskot til?

Sjå informasjon i kap. 2, 3 og 4.

Kven kan søke om spelemidler til anlegg?

Sjå pkt. 2.2.1. For søknad om tilskot til nærmiljøanlegg, sjå pkt. 3.1.2. For søknad om tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, sjå pkt. 4.2.

Det er kun eigar av anlegget som kan søke om tilskot frå spelemidlane. I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, gje dispensasjon frå dette kravet.

Krav som må vere oppfylte ved søknad om spelemidler

- Søkar må opprette kontakt med kommunen der anlegget ligg/skal ligge.
- Før det kan søkast om tilskot til anlegg, må kommunen registrere anlegget i idrettsanleggsregisteret.
- Anlegget ein søker midlar til, må vere ein del av vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.
- Planane for anlegget ein søker tilskot til, må på førehand vere idrettsfunksjonelt godkjende av departementet eller den departementet gir fullmakt til (kommunen der anlegget skal ligge). Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ligge føre før ein set i gang byggearbeida. Sjå pkt. 2.5.1 og 2.5.2 for meir informasjon.
- For søknader om tilskot til bygging og rehabilitering av ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet, gjeld føresegnene i kap. 2 og 5-7. Tilsvarande gjeld for nærmiljøanlegg der ikkje noko anna er bestemt, sjå meir i kap. 3, og for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, sjå meir i kap. 4.
- For søknader frå samanslutningar der vedtektene skal førehandsgodkjennast av departementet, er det eit vilkår for godkjenning av søknaden om tilskot at vedtektene er førehandsgodkjende.

Slik søker ein

Ein finn søknadsskjema på www.idrettsanlegg.no under *Søknads- og regnskapsskjema*. Når søknaden er fullstendig utfylt, inkludert aktuelle vedlegg, skal søknaden sendast til den kommunen anlegget ligg i. Dette gjer ein ved å fylle inn den aktuelle kommunen i sjølve søknadsskjemaet. Ein sender inn søknadsskjemaet elektronisk.

Einskilde søknader om godkjenning og dispensasjon skal sendast direkte til departementet, sjå føresegnene kap. 2, 3 og 4.

1.3.1 Fristar

Følgande fristar gjeld for alle anlegg for idrett og fysisk aktivitet:

Kunngjering

Departementet kunngjer høvet til å søke om tilskot av spelemidlane til idrettsanlegg i kommunane innan **15. juni** kvart år. Sjå vedlegg 1.

Søknadsfrist

Kommunen fastset søknadsfrist i eigen kommune. Søkar har ansvar for å halde desse fristane. For seint innkomne søknader vert ikkje godkjende.

For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må følgande søknader om godkjenning eller dispensasjon sendast direkte til departementet innan **15. november 2016**:

- søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for anleggstypar som skal førehandsgodkjennast av departementet, jf. pkt. 2.5.2
- søknad om dispensasjon frå kravet om tinglyst feste-/leigeavtale, jf. pkt. 2.2.5 og 3.4
- søknad om godkjenning av større interkommunale idrettsanlegg etter pkt. 2.6.3
- søknad om godkjenning av vedtekter etter pkt. 2.2.1

For søknader om dispensasjon som gjeld løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, er søknadsfristen **15. oktober 2016**, jf. pkt. 4.3.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vere gitt og datert seinast **15. januar 2017**. Dersom godkjenning er gjort seinare, er søknaden ikkje i formell orden ved behandling i søknadsperioden 2017.

Kommunen sin frist

Kommunen gjer sine prioriteringar og vedtak. Kommunen sine vedtak og søknader skal sendast til fylkeskommunen innan **15. januar 2017**. For seint innkomne søknader vert ikkje godkjende.

Fylkeskommunen sin frist

Fylkeskommunen lagar eit oversyn over dei søknadene som er komne inn når fristen går ut. Oversyna skal sendast til departementet innan **15. mars 2017**. Det skal settast opp eigne lister for kvar av kategoriane ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Fordeling av spelemidler

Departementet fastset dei summane fylkeskommunane kan få til fordeling og gir melding til fylkeskommunane om storleiken på summane normalt innan **1. mai 2017**. Fylkeskommunen fordeler den tildelte summen og gir søkarane melding om tilsegna innan **1. juli 2017**. Fylkeskommunen sine saksframlegg og vedtak skal sendast til departementet innan **15. juli 2017**.

Anlegget skal fortrinnsvis realiserast seinast i tildelingsåret. Dersom tilskotsmottakarane ikkje har bede om utbetaling av midlar i løpet av eitt år etter at tilskotet er tildelt, bør fylkeskommunen krevje ei orientering om status for prosjektet.

2. FØRESEGNER FOR ORDINÆRE ANLEGG

2.1 Definisjon

Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet.

2.1.1 Rett til tilskot

Det kan søkast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle), og som ikkje er underlagt fortenestebaserte eigarformer.

For søknad om tilskot til kjøp og/eller innreiing av eksisterande anlegg, sjå pkt. 2.6.4.

Tilskota er knytte direkte opp mot aktivitetsareal med naudsynte tilleggselement, til dømes garderobar, lys osv.

2.1.2 Utan rett til tilskot

Det vert ikkje ytt tilskot til drift av anlegg.

Det vert heller ikkje ytt tilskot til ymse laust utstyr dersom ikkje anna er fastsett. (Sjå pkt. 9.1 om eigen tilskotsordning for denne type utstyr).

Det vert heller ikkje ytt tilskot basert på verdien av rabattar og gåver¹.

Andre døme på utlegg som det ikkje vert ytt tilskot til:

- leige
- tileigning av grunn
- publikumstribunar
- vegar og parkeringsplassar
- tilknytingsavgifter
- finansieringskostnader med unnatak av renter på byggelån i byggeperioden
- flytting av høgspenteleidningar (kablar)
- eigedomsgjerde
- reguleringsarbeid

¹ Søknader som var i formell orden ved behandling i søknadsåret 2016, med kostnadsoverslag medrekna verdien av gåver, kan fornyast på same kostnadsgrunnlag i komande søknadsrundar.

Tilsvarende gjaldt, og gjeld søknader med kostnadsoverslag medrekna verdien av rabattar, som var i formell orden seinast i søknadsåret 2014.

2.2 Krav til søknaden

Sjå punkt 1.3 for informasjon om innsending av søknad og søknadsfristar for tildelingsåret 2017.

2.2.1 Krav til søkar

Departementet gjer merksam på at søkarar om tilskot må ha organisasjonsnummer for å søke frå og med søknadsåret 2017/2018 for tildeling i 2018.

Søkarar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan vere

- a) kommunar/fylkeskommunar, samt kommunale/fylkeskommunale føretak
- b) idrettslag/organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF)
- c) idrettslag organisert under Samenes Idrettsforbund-Norge (Sámiid Valáštallanlihttu-Norga)
- d) studentsamskipnader
- e) samanslutningar organiserte under Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforening (DNT), Norges Bilsportforbund eller Det frivillige Skyttervesen

Følgande samanslutningar må søke departementet om førehandsgodkjenning av sine vedtekter for å kunne søke om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet:

- f) aksjeselskap/allmennaksjeselskap
- g) stiftingar
- h) samvirkeføretak
- i) andre samanslutningar

Følgande samanslutningar kan søke om tilskot til særlege anlegg:

- j) samanslutningar organiserte under Friluftsrådenes Landsforbund, samt Oslofjordens Friluftsråd, og Norsk Friluftsliv kan søke om tilskot til friluftslivsanlegg slik desse er definert i pkt. 2.6.5 og til nærmiljøanlegg, jf. kap. 3
- k) Samisk Reinkappkjører-forbund (Sámi Heargevuodjin-lihttu), og samanslutningar organiserte under forbundet, kan søke om tilskot til anlegg for reinkappkjøring og lassokasting, jf. pkt. 2.6.5
- l) samanslutningar organisert under Norsk Kennel Klub kan søke om tilskot til anlegg for hundesport, jf. pkt. 2.6.5

Det er kun eigar av anlegget som kan søke om tilskot frå spelemidlane. I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, gi dispensasjon frå dette kravet.

Søkar under bokstavane f-i skal søke departementet om førehandsgodkjenning av samanslutninga sine vedtekter (sjå vedlegg 3-7). For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må søknad om førehandsgodkjenning sendast departementet innan **15. november 2016.**

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot i form av spelemidlar ikkje skal danne grunnlag for fortенestebaserte eigarformer. Difor må følgande krav vere fylte for å få tilskot:

1. Kommunar/fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller søkar som nemnd under bokstavane c-k, skal ha kontroll med eigartilhøve og drift.
2. Det skal ikkje gjerast økonomiske utdelingar (utbytte etc.) til eigarane.
3. Eit eventuelt overskot skal tilkome idrettslege føremål.
4. Ved oppløysing/avvikling skal formuen tilkome idrettslege føremål.

For krav til drifta av anlegget, sjå pkt. 2.3.

2.2.2 Krav til universell utforming

Det er eit krav at idrettsanlegg skal stette krava til universell utforming. Universell utforming tyder at anlegget er forma på ein slik måte at det kan nyttast av alle menneske, i så stor grad som mogleg, utan behov for tilpassing eller ei spesiell utforming.

For idrettsanlegg omfattar desse prinsippa alle som nyttar anlegget, både idrettsutøvarar, publikum, trenarar, dommarar og arrangementsteknisk personell.

Sjå pkt. 2.5.5 om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar når det gjeld tilgjenge og universell utforming.

Sjå pkt. 9.2 om aktuell lovgiving, mellom anna plan- og bygningsloven og diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.

2.2.3 Kostnadskrevjande anlegg

Dersom andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søkar for store kostnadskrevjande anlegg (gjeld investering og drift), krev ein at søkaren legg fram grundige planar både for finansiering og drift av anlegget. Dersom planane ikkje er tilfredsstillande dokumenterte, vil søknaden ikkje verte innvilga.

2.2.4 Kommunal garanti

Når andre enn kommune eller fylkeskommune² står som søkar, må kommunen der anlegget ligg, eventuelt fylkeskommunen, garantere for tilbakebetaling av tildelte og utbetalte spelemidlar ved tilskotsmottakar sitt eventuelle misleghald av pkt. 2.3.

Dette gjeld når samla tilskot til nybygg og/eller rehabilitering av anlegget³ overstig kr 3 000 000.

² Ein krev ikkje kommunal garanti ved søknader frå studentsamskipnader.

³ Med samla tilskot til eit anlegg er meint tilskot til til dømes heis, nedfart og lysanlegg i eit alpinanlegg.

Med samla tilskot meiner ein alle tilskot med unntak av programsatsingsmidlar⁴ og særlege tilskot etter pkt 2.6.2 og 2.6.3. Dersom anlegget har motteke spelemidlar tidlegare, skal ein i utrekningsgrunnlaget for samla tilskot ta med tildelte tilskotsbeløp i løpet av dei fem siste åra.

Kravet om kommunal garanti gjeld for desse anleggstypane:

- alle typar hallar
- alpinanlegg
- golfanlegg
- motorsportanlegg
- kunstisbaner (hurtigløp og/eller bandy)
- rideanlegg

Garantien skal vere ein sjølvskyldnargaranti. Garantitida skal vere 20 år. Garantien skal vere stilt ved søknad om tilskot, og utskrift av garantien skal følge søknaden.

Kommunale garantiar der maksimumsansvaret er over kr 500 000, krev statleg godkjenning (av fylkesmannen).

2.2.5 Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn

Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal ligge. Ved søknad om spelemidlar skal denne retten dokumenterast.

Retten til grunn skal ha heimel i eitt av fylgjande forhold og aktuelt dokument skal leggest ved søknaden:

- tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka
- tinglyst feste-/leigerett av minimum 30 års varigheit, som skal dokumenterast med stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen og stadfesta utskrift av grunnboka
- avtale av minimum 30 års varigheit med kommunen/fylkeskommunen/staten om bruk av grunnen, når det gjeld anlegg på kommunal, fylkeskommunal eller statleg grunn
- avtale av minimum 30 års varigheit med grunneigarar om bruk av grunnen, når det gjeld turvegar, turløyper og turstiar

I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, gi dispensasjon frå dette kravet. For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må søknad sendast departementet innan **15. november 2016**.

2.2.6 Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for idrettsanlegg

Planar for anlegg med rett til tilskot må på førehand ha fått ei idrettsfunksjonell godkjenning av departementet eller vedkomande departementet har gitt fullmakt, jf. pkt. 2.5.

⁴ Med programsatsingsmidlar meiner ein midlar frå departementet sitt anleggspolitiske program. Dette er midlar, som vert tildelt og utbetalt frå departementet, til utvalde anleggstypar.

2.2.7 Kommunal plan

Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

2.2.8 Obligatoriske vedlegg og krav til dei einskilde vedlegga

Vedlegg 1: Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjende planar for anlegget med behovsoppgåve

Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjende planar/teikningar for anlegget skal følge søknaden. Det skal gå fram av påteikning og stempel på planane/teikningane kven som har godkjent dei, og datoen for godkjenninga, jf. pkt. 2.5 om krava som vert stilte til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar.

Vedlegg 2: Detaljert kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget skal vere sett opp på ein slik måte at det lèt seg kontrollere. Mengder oppgjevne i m/m²/m³ skal referere til dei planane som ligg føre og skal kunne kontrollerast mot desse. Kostnadsoverslaget må vere så detaljert at dei arbeida som skal utførast som dugnad, kan spesifiserast (jf. omtale av vedlegg 3 nedanfor). Ein skal oppgi totalkostnaden for anlegget (fordelt på kostnader med og utan rett til tilskot). Administrasjonskostnader, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjent kostnadsoverslag.

For anlegg som er ferdigstilt, nyttar ein rekneskapstal i kostnadsoverslaget.

Vedlegg 3: Dokumentasjon av dei ulike delane av finansieringsplanen

Finansieringsplanen skal gjere greie for og dokumentere finansiering av dei samla kostnadene for anlegget.

Dokumentasjon på desse postane skal leggest ved finansieringsplanen:

- Eigenkapital skal stadfestast med kontoutskrift frå bank e.l. som viser at summen er bunden til bygginga av anlegget. Aksjekapital skal dokumenterast.
- Kommunalt og/eller fylkeskommunalt tilskot må vere stadfesta med kopi av vedtaket.
- Kommunal eller fylkeskommunal garanti må vere stadfesta med kopi av vedtaket. Statleg godkjenning (fylkesmannen) må òg vere stadfesta med kopi av vedtaket, eventuelt må slik godkjenning ettersendast.
- Pengegåver skal dokumenterast.
- Dugnadsarbeid skal settast opp i eit eige dugnadsoversyn som er utarbeidd med utgangspunkt i dei arbeida som etter kostnadsoverslaget skal utførast på dugnad. Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av ein kvalifisert fagperson (til dømes kostnadsvurdering/tilbod frå kommune eller firma [entreprenør, handverkar e.l.]). Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad. Sjå pkt. 5.6.
- Lån skal vere stadfesta med kopi av lånetilsegn. Eventuelle lånevilkår må vere oppfylte/aksepterte.

Vedlegg 4: Plan for drift av anlegget

Planen skal gjere greie for planlagd drift og bruk av anlegget, og skal som minimum gi følgende opplysningar:

- plan for forvaltning og bruk, som inneheld opplysningar om forvaltar av anlegget, planlagd lengd på sesong og tal på brukstimar (t.d. per uke) i sesongen
- driftsbudsjett med inntekter og utgifter, inkludert finansutgifter
- for større anlegg (som t.d. idretts- og svømmehallar) skal det i tillegg leggst ved plan for vedlikehald og utvikling av anlegget

Vedlegg 5: Rett til bruk av grunn

Dokumentasjon på rett til bruk av grunn, sjå pkt. 2.2.5.

2.2.9 Krav ved fornya eller gjenteken søknad

Søknadstypar

- Ny - vert nytta når søknaden ikkje har vore fremma tidlegare.
- Fornya – vert nytta når søknaden har vore fremma tidlegare utan at det er gitt tilskot.
- Gjenteken - vert nytta når det er gitt deltilskot på føregående søknad og søknaden skal fremmast på nytt.

Ein kan fremme fornya eller gjenteken søknad i eige søknadsskjema ved å nytte referansenummer frå søknad frå tidlegare år. Referansenummeret ligg lagra på tidlegare søknad og kan hentast fram av kommunen eller fylkeskommunen.

Ved fornya søknad er det nok å vise til godkjende vedlegg som er sende inn tidlegare, dersom informasjonen i vedlegga framleis er gyldig. Oppdatert kostnadsoverslag må likevel sendast inn som vedlegg til fornya søknad. Ein må gjere greie for framdrifta ved anlegget og eventuelle avvik/endringar frå tidlegare innsend søknad (kostnadsoverslag, finansieringsplan, driftsbudsjett m.v). Fornya søknad vert vurdert og prioritert på linje med nye søknader.

2.3 Krav til drifta av og disposisjon over anlegget

2.3.1 Ope for allmenn idrettsleg verksemd

Anleggseigar pliktar å halde anlegget ope for allmenn idrettsleg verksemd i 30⁵ år frå ferdigstilling av anlegget. Kravet gjeld både ved nybygg og rehabilitering. Dette inneber plikt til å drive på årsbasis eller på sesongbasis for idrettar som har kortare sesongar. I heilt spesielle tilfelle kan departementet gi dispensasjon frå kravet om å halde anlegget ope i 30 år. Anleggseigar vert oppfordra til å tilrettelegge særleg for born og ungdom sin bruk av anlegget.

Dersom anlegget vert mellombels stengt i tre månader eller meir, pliktar anleggseigaren å orientere departementet på førehand. Denne plikta kviler òg på kommunen. Departementet har rett til å sette vilkår for slik mellombels stenging av anlegget. Vert anlegget ikkje opna innan seks månader, vert stenginga rekna som misleghald om det ikkje ligg føre godkjenning frå departementet for ei forlengd stenging.

Departementet kan fastsette vilkår i samband med samtykket.

Dersom den framtidige drifta av anlegget er truga, skal anleggseigaren utan grunnlaust opphald orientere departementet om dette. Denne plikta kviler òg på kommunen.

2.3.2 Vedlikehald og oppgradering av anlegget

Anleggseigaren pliktar å halde anlegget i god stand. Dei til ei kvar tid gjeldande tryggingforskrifter skal følgast. Elles skal anlegget haldast ved like slik at det ikkje forfell meir enn det som følger av normal slit og elde.

Anlegget må vere funksjonelt for den idretten eller dei idrettane som det er fastsett til bruk for. Anleggseigaren må så langt det lèt seg gjere utan vesentleg kostnad søke å etterkome eventuelle nye krav til utstyr/anlegg som måtte kome i dei aktuelle idrettsgreinene.

2.3.3 Disposisjonar over spelemidelfinansiert idrettsanlegg som krev søknad om skriftleg førehandssamtykke frå departementet

Rettslege disposisjonar som overføring, sal, deling, samanslåing/-føyning m.v., og faktiske disposisjonar som flytting, nedlegging og bruksendring m.v. av anlegget, krev skriftleg førehandssamtykke frå departementet.

Pantsetjing av anlegget i samsvar med finansieringsplan vil normalt verte godkjend ved godkjenning av søknaden om tilskot. Pantsetjing av anlegget som ikkje er omfatta av finansieringsplanen, krev skriftleg førehandssamtykke av departementet.

Departementet kan fastsetje vilkår i samband med samtykke, jf. pkt. 2.3.6 om tilbakebetaling av tildelte midlar.

⁵ Den tidlegare 40-årsregelen er oppheva og erstatta med 30-årsregelen òg for tildelingar av tilskot før 2014. Det vil seie at det er anleggseigar si plikt å halde anlegget ope for allmenn idrettsleg verksemd i 30 år. Dette gjeld alle spelemidelfinansierte anlegg frå ferdigstilling av anlegga.

Overføring av drifta av anlegget krev ikkje førehandssamtykke frå departementet. Driftsoverføring kan òg skje til privat, fortenebaseert aktør, jf. pkt. 2.3.4, under føresetnad av at anleggseigar skal disponere over bruk av anlegget for idrett og fysisk aktivitet.

Med drift meiner ein her alle oppgåver og rutiner som er naudsynte for at idrettsanlegget skal fungere som planlagt både funksjonelt, teknisk og økonomisk.

Med privat, fortenebaseert aktør meiner ein her aktør som ikkje sjølv kan søke om spelemidlar, jf. pkt. 2.2.1.

Med bruk meiner ein her idrett og fysisk aktivitet som kan utøvast i idrettsanlegget.

2.3.4 Utleige, utlån og bruks- og driftsavtaler

Det er eit grunnleggjande prinsipp at spelemidlar ikkje skal gjerast om til fortenebaseerte private, fortenebaseerte aktørar. Dette inneber at private, fortenebaseerte aktørar ikkje kan motta spelemidlar eller eige spelemidelfinansierte idrettsanlegg, jf. pkt. 2.2.1.

Føremålet med prinsippet er å sikre at fortenebaseerte frå å eige og bruke eit spelemidelfinansiert idrettsanlegg kjem anlegget til gode.

For anleggseigar legg prinsippet avgrensingar på retten til å bruke anlegget eller den delen av anlegget som har motteke spelemidlar. Anleggseigar har ikkje rett til å inngå bruksavtalar med private, fortenebaseerte aktørar.

Frå denne hovudregel gjeld elles desse unntaka:

- Anleggseigar kan fritt disponere over dei delane av eit idrettsanlegg som ikkje har motteke spelemidlar.
- Anlegget kan leigast/lånast ut i ein kortare periode eller for avvikling av kortare einskildarrangement.
- Anlegget kan leigast/lånast ut til private aktørar som ikkje er fortenebaseerte. Sjå likevel avgrensingane som følger av pkt. 2.3.1.
- Anlegget kan leigast/lånast ut til private, fortenebaseerte barnehagar, dvs. at desse barnehagane kan få tilgang til å nytte aktivitetsområda i anlegget. Det er ein føresetnad at barnehagane kun får nytte anlegget til tider når det ikkje kjem i konflikt med behovet for tilgang til anlegget for idretten eller den eigenorganiserte aktiviteten.
- Anlegget kan leigast/lånast ut til private skular, det vil seie at ein kan gi elevar ved desse skulane høve til å nytte aktivitetsområde og garderober i anlegget i samband med undervisning. Det er ein føresetnad at elevane kun får nytte anlegget til tider der det ikkje kjem i konflikt med idretten og den eigenorganiserte aktiviteten sine behov for å nytte anlegget.

I heilt spesielle tilfelle kan departementet etter forutgåande, skriftleg søknad gi dispensasjon frå hovudregelen.

Dersom det vert avdekt drift i strid med det ovannemnde, vil dette kunne utgjere eit misleghald av vilkåra for tildeling av spelemidlar, jf. pkt. 2.3.5.

2.3.5 Misleghald og misleghaldssanksjonar

Dersom eitt eller fleire av vilkåra i pkt. 2.3 vert misleghaldne, kan departementet krevje tidlegare utbetalt tilskot tilbakebetalt innan 30 dagar etter at departementet har sett fram skriftleg krav om slik tilbakebetaling. Dersom anleggseigaren ikkje betaler innan den fastsette tidsfristen, vil departementet drive inn kravet.

Misleghald er til dømes at anleggseigaren avviklar drifta, innstiller betalingane, søker gjeldstingingar, går konkurs eller vert sett under tvangsforfølging. Rettsleg eller faktisk disponering over anlegget utan førehandssamtykke frå departementet etter pkt. 2.3.1 og pkt. 2.3.3. er òg misleghald.

2.3.6 Tilbakebetaling av tildelte midlar

Dersom departementet fastset vilkår om tilbakebetaling av tidlegare utbetalt tilskot, jf. pkt. 2.3.3, vert beløpet fastsett slik:

- Innan 10 år etter at anlegget er ferdig skal beløpet vere det same som tidlegare utbetalt tilskot.
- Frå og med år 11 etter at anlegget var ferdig, vert beløpet nedskrive lineært med 1/20-del per år som er gått frå og med år 11 til og med år 30.

I heilt spesielle tilfelle kan departementet fastsette anna beløp eller fråfalle vilkår om tilbakebetaling.

2.4 Tilskot til rehabilitering av anlegg

2.4.1 Allment

Det kan ytast tilskot til omfattande rehabiliteringar av anlegg når dette primært vil gi større og betre tilhøve for aktivitet blant born og ungdom. Omfattande rehabilitering kan ofte vere like kostbart som nybygg og må sjåast i samanheng med dette alternativet. Nybygg vil ofte kunne vere meir framtidsretta og fleksibelt med omsyn til dei aktivitetane ein ynskjer eller som kan gå føre seg i anlegget.

Søknadsprosedyren er den same som for nyanlegg.

Sjå heftet "Rehabilitering/ombygging av eldre idrettsanlegg" (V-0823) for ytterlegare informasjon om einskilte anleggstypar.

2.4.2 Definisjon

Rehabilitering av eit idrettsanlegg er ei istandsetjing av anlegget som skal gi vesentleg funksjonell og bruksmessig standardheving i høve til dagens situasjon. Rehabiliteringa vil som regel medføre inngrep i strukturen eller utforminga til anlegget for å tilpasse det til nye funksjonar og bruksområde. Det er viktig at slike rehabiliteringar vert sette i ein planmessig samanheng i kommunal plan som omfattar anlegg til idrett og fysisk aktivitet.

2.4.3 Allmenne føresegner

- Anlegget må vere del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.
- Anlegget skal vere universelt utforma.
- Planane for rehabilitering skal bygge på ein fagleg kvalifisert og heilskapleg tilstandsrapport som gjer greie for tekniske, økonomiske og funksjonelle tilhøve i heile anlegget.
- Vurdering av tilstand og utarbeiding av tilstandsrapport skal utførast av personar med relevant fagkompetanse. Tilstandsanalysen kan utførast i samsvar med NS 3424. For bad/symjehallar kan ein i tillegg fylla ut departementet sin tilstandsrapport V-0869.
- Det skal ligge føre komplette planar og kostnadsutrekningar for heile arbeidet.
- Grunnlag for å gi tilskot til rehabilitering av eit anlegg skal vere utilfredsstillande teknisk/økonomisk drift, utilfredsstillande bruksfunksjonar og/eller stor bruksslitasje som ikkje kan rettast opp ved normalt vedlikehald.
- Det vert ikkje gitt tilskot til rehabilitering av anlegg som er yngre enn 20 år. Unntak gjeld for idrettsgolv, idrettsdekke, snøproduksjonsanlegg, elektronisk målskivemateriell, ishockeyvant, undervarmeanlegg og kart der det kan søkast om tilskot til rehabilitering etter 10 års bruk.
- Tilhøve på grunn av feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald frå anleggseigaren si side gir ikkje grunnlag for tilskot.
- Planar for rehabilitering av anlegg som etter gjeldande føresegner skal førehandsgodkjennast i departementet som nyanlegg, skal sendast til departementet til behandling.

2.5 Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar

2.5.1 Allment

Planane for anlegg som det vert søkt om tilskot til, må på førehand vere idrettsfunksjonelt godkjende av departementet eller vedkomande som departementet har gitt fullmakt. Dette gjeld både nybygg, rehabilitering og ombygging.

Orienteringskart er unnateke krav om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Ein skal heller legge ved terrengfordelingsbekreftelse frå aktuell orienteringskrins.

Ein skal gjennomføre idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å sikre behovsrette og gode idrettsfunksjonelle løysingar, og for å sikre at dei estetiske og miljømessige tilhøva vert varetekne på ein god måte.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ligge føre før byggearbeida vert igangsette. Dersom arbeida er igangsette før idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning ligg føre, kan ein ikkje gje godkjenning.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld i to år frå godkjenningsdatoen. Innan dette tidspunktet må byggearbeida vere igangsette. Godkjenninga kan fornyast. Godkjenning gir ikkje garanti for tilskot.

For å få idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning krev ein at anlegget er del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal dokumenterast på følgande måte:

- brev frå den som har godkjent planane
- teikningar påførte godkjenningsstempel

Dokumentasjon skal følge søknad om spelemidlar og skal vere datert seinast **15. januar 2017**. Om godkjenninga er gjort seinare, er ikkje søknaden i formell orden ved tildelinga i 2017.

2.5.2 Godkjenningsmakt

Med heimel i kgl. res. av 11. desember 1992 om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsføremål, har departementet gitt kommunane fullmakt til å førehandsgodkjenne planar for ordinære anlegg.

Søknad om førehandsgodkjenning skal sendast til kommunen.

Kommunen kan avtale med fylkeskommunen at kommunen sender søknad om førehandsgodkjenning til fylkeskommunen for å få ein uttale.

Kommunen kan velje å sende søknaden til departementet for godkjenning.

Departementet kan òg uttale seg foreløpig om planar/skisser.

Følgande anleggstypar krev likevel idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av departementet, og søknad skal sendast til departementet:

- symjeanlegg
- kunstisanlegg, utandørs og innandørs
- anlegg som av departementet har fått status som nasjonalanlegg

Planar for desse anleggstypene skal sendast departementet òg når det gjeld rehabilitering og tilbygg/ombygging.

Søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vere heilskapleg og ha fullstendig teikningsgrunnlag. Ein syner spesielt til krava til universell utforming i plan- og bygningsloven, samt estetikk- og miljøomsyn, ved utarbeidinga av planar for idrettsanlegg.

2.5.3 Kommunal behandling av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Ein tilrår at teknisk etat eller tilsvarande avdeling i kommunen vert trekt inn for å gi vurderingar i samband med idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og kostnadsoverslag. Ein gjer merksam på at prosjekta i dei fleste tilfella må leggest fram til ordinær byggesaksbehandling i den einskilde kommunen, men vurdering av idrettsfunksjonelle forhold vil normalt ikkje inngå i behandlinga av ei byggesak. Det er derfor eit vilkår for å kunne søke om tilskot at idrettsfunksjonelle forhold vert vurderte spesielt, og at det blir utferda ei eiga godkjenning dokumentert som meldt i pkt. 2.5.1.

Når det gjeld universell utforming syner ein til departementet sin rettleiar "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511) og "Forskrift om tekniske krav til byggverk TEK10 (Byggteknisk forskrift), NS 11001-1:2009 Universell utforming av byggverk – Del 1: Arbeids- og publikumsbygninger".

2.5.4 Saksgang for søknader som skal sakshandsamast av departementet

Der fylkeskommunen har fastsett saksgang og saksbehandling for anleggsbygginga, må denne følgast. Det vert vist til den aktuelle fylkeskommunen for nærare opplysningar. Private initiativtakarar (idrettslag o.l.) sender søknaden via kommunen, som vidare sender han til fylkeskommunen. Fylkeskommunen vidare sender dei søknadene som skal til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i departementet, sjå pkt. 2.5.2. Planar kan sendast inn til godkjenning heile året.

Ein må rekne med inntil **to månaders** saksbehandlingstid.

2.5.5 Universell utforming

Det er ein føresetnad for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar at anlegget fyller krava til universell utforming slik desse krav er utforma i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og i plan- og bygningsloven, jf. § 29-3. Dokumentasjon på at anlegget fyller krava til universell utforming skal ligge føre som vedlegg til søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, både for nye anlegg og ved søknader om rehabilitering av eksisterande anlegg. Det blir vist til departementet sin rettleiar "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511) og "Forskrift om tekniske krav til byggverk TEK10 (Byggteknisk forskrift), NS 11001-1:2009 Universell utforming av byggverk - Del 1: Arbeids- og publikumsbygninger".

Sjå kap. 5 i rettleiaren "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511) for tema ein skal dokumentere/gjere greie for.

For anlegg som skal rehabiliterast skal det ligge føre dokumentasjon/rapport for endringane som skal gjerast samanlikna med noverande situasjon.

2.5.6 Allmenne vedlegg

Alle søknader om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, same kva anleggstype det gjeld, må innehalde

- opplysning om kva plass anlegget har i kommunal plan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet
- utgreiing om universell utforming
- situasjonsplan som viser kva område som er til disposisjon for anlegget, og kva utvidingsreservar som er sikra. Oppdeling i eventuelle byggesteg skal visast.
- behovsoppgåve som forklarar den kartlegginga av behov som er gjort, og resultatet. Det skal særleg gjerast greie for behova til born og ungdom. Dette skal haldast opp mot gjeldande tilbod og vil danne grunnlag for innhald og dimensjonering av anlegget.
- enkelt kostnadsoverslag
- førebels plan for finansiering og drift av anlegget
- dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakteren til landskapet. Det kan nyttast oppriss, aksonometri, perspektiv og modellfoto.
- teikningar av anlegget:
 - Teikningar skal vere fagmessig utførte, ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha tittelfelt som inneheldt skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.), namn på prosjektansvarleg, unik teikningsidentifikasjon, dato/revisjonsdato og målestokk.
 - Målestokk bør vere 1:100.
 - Teikningane bør leverast elektronisk i pdf-format.

Sjå vedlegg 11 for krav til særskilte vedlegg for einskilde anlegg.

2.5.7 Innandørsanlegg

Alle anlegg må utførast i samsvar med gjeldande byggeforskrifter. I tillegg til dei allmenne vedlegga må søknader for idrettshallar, symjehallar, ishallar, garderobebygg, klubbhus o.l. innehalde

- planteikningar av alle etasjar, med innteikna dørslag, dusjhovud, innreiing i WC, garderobe, kjøken osb.
- snitteikningar som viser takhøgde, stiging på eventuelle tribunar o.l.
- fasadeteikningar

Ved idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for symjehallar og idrettshallar skal det leverast utgreiing om arkitektur og miljø basert på departementet sine skriv V-0914 B og V-0915 B.

2.6 Storleiken på tilskotet

2.6.1 Tilskotssum

Hovudregel

Som hovudregel kan ein søke om tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad til bygging og/eller rehabilitering av ordinære anlegg.

For fleire typar anlegg er det fastsett særskilte maksimale tilskotsbeløp, jf. pkt. 2.6.4.

Departementet kan godkjenne anlegg av andre typar og storleikar, samt tilskotsbeløp som høyrer til, etter særskilt vurdering. (Om dette kan ein ta kontakt med departementet).

Merknader til hovudregel

Ein gjer merksam på at maksimalt tilskotsbeløp er basert på dei satsar som gjeld det året søknaden vert innvilga tilskot. Når tilskotet vert delt over fleire år (ved gjenteken søknad), vil maksimalt tilskotsbeløp ved fyrste års tildeling vere gjeldande.

Ein gjer òg merksam på fylgjande:

- Samla statleg tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjend kostnad i søknaden.
- Summen av offentlege tilskot (kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar medrekna spelemidlar) kan ikkje utgjere ein høgare sum enn kontantutgiftene i godkjent kostnadsoverslag.
- Søknadsbeløpet skal avrundast til næraste heile tusen kroner.

Nedre grense for godkjend kostnad

Der ikkje anna er fastsett, utgjer kr 150 000 den nedre grensa for godkjend kostnad ved utrekning av tilskot.

For kart er den nedre grensa for godkjend kostnad kr 75 000.

For nærmiljøanlegg, og løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, gjeld eigne reglar, sjå kap. 3 og 4.

2.6.2 Særlege tilskotssatsar i einskilde kommunar

For alle ekstratilskot (også for interkommunale anlegg, jf. pkt. 2.6.3) gjeld at tillegg vert rekna ut av ordinært tilskot for anlegget. Samla statleg tilskot til anlegget kan maksimalt vere 50 % av godkjend kostnad i søknaden.

1. Anlegg i kommunar i Troms og Finnmark kan få eit tillegg på 25 % av ordinært tilskot.
2. Anlegg i kommunar i Nordland og Namdalen kan få eit tillegg på 20 % av ordinært tilskot.
3. Anlegg i kommunar definerte som pressområde, kan få eit tillegg på 15 % av ordinært tilskot. For oversikt over aktuelle kommunar i tildelingsåra 2015 til og med 2018, sjå vedlegg 2.

2.6.3 Særskilt tilskot ved større interkommunale idrettsanlegg

Det kan vere ressurs- og bruksmessig gunstig at fleire kommunar går saman om å bygge og drifte idrettsanlegg det elles ville vore vanskeleg å realisere innanfor ein kommune. Særskilt tilskot for interkommunale anlegg kan tildelast eitt anlegg per anleggstype i samarbeidande kommunar.

Interkommunale idrettsanlegg kan få eitt tillegg på 30 % av ordinært tilskot under føresetnad av at følgjande vilkår er oppfylte:

1. Anlegget er eit større, kostnadskrevjande anlegg, til dømes symjeanlegg eller idrettshall.
2. Det er inngått bindande skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift. Avtalen må innehalde fylgjande element:
 - a) Kvar deltakande kommune skyt inn eit investeringstilskot på minimum 5 % av den godkjende kostnaden for anlegget. Tilskota frå kommunane må dokumenterast.
 - b) Kvar deltakande kommune skyt inn minimum 5 % av anlegget sine faktiske driftskostnader i årlege driftstilskot i 20 år. Ein kan ikkje avgrensa driftstilskotet til eit nominelt beløp gjennom 20-årsperioden.

Departementet godkjenner om anlegg oppfyller vilkåra. Ein sender søknad om godkjenning av status som interkommunalt anlegg, med høve for særskilt tilskot, til departementet innan **15. november 2016**.

I særlege tilfelle kan departementet gi dispensasjon frå vilkåra.

Sjå vedlegg 8 om utforming av avtalepunkt for interkommunale avtalar.

Dersom andre enn ein kommune står som søker/anleggseigar, vil det vere eit vilkår at deltakande kommunar inngår slik bindande skriftleg avtale med anleggseigar med omsyn til investering og drift.

Særleg tilskotssats vil òg gjelde seinare og ny utbygging av interkommunale anlegg under føresetnad av at vilkåra 1 og 2 a og b over er oppfylte òg for slik utbygging, medrekna at 20-årsperioden under b vert forlenga til nye 20 år for kommunale driftstilskot for ny og seinare utbygging.

Fylkeskommunen godkjenner om seinare og ny utbygging av interkommunale anlegg oppfyller vilkåra.

2.6.4 Særskilte tilskotsbeløp

Innleing

Til dei einstilte anlegga kan det knytast detaljføresegner eller tilhøve som ein bør vere særleg merksam på. For somme anleggstypar er det oppført tilskot etter særskilt vurdering av departementet. Her må ein ta kontakt med departementet for å få klarlagt kor mykje det kan søkast om.

Definisjonar

Alle tilskot skal reknast ut frå *godkjend kostnad*.

Aktivitetsflate er speleflate pluss tryggingssone.

Garderobesett er to garderober med dusjrom.

Særskilt vurdering vert gjort av departementet og kan gjelde spesielle anlegg og/eller storleiken på tilskotssummen.

Spesialhallar er hallar som i hovudsak er for ein idrett, som for eksempel svømmehall, ishall, turnhall, klatrehall og tennishall.

Kjøp eller innreiing av eksisterande bygg og anlegg

Det kan søkast om tilskot til kjøp og/eller innreiing av eksisterande anlegg. Anlegg som ikkje tilfredsstillar konkurransekrava til takhøgde og aktivitetsflate kan godkjennast etter særskilt vurdering av departementet. Dimensjonering/utforming av garderobeanlegg og tilpassing for funksjonshemma må tilfredsstillast krava i dag.

Tilskot etter særskilt vurdering av departementet.

Idrettshus

Med idrettshus er meint bygg med ein eller fleire av følgande tre funksjonar:

- klubblokale inkludert rom for møte og arrangement
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000 per eining.
- lokale for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000 per eining.
- garderobe med eitt eller fleire garderoberett
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000 per eining.

Huset skal tene eit idrettsanlegg/idrettsføremål, som hovudregel vere oppført som eige bygg og vere i nær tilknytning til idrettsanlegget.

Kostnadene for dei einstilte einingane skal vurderast separat.

For idrettshallar og spesialhallar kan ein òg søke om tilskot til klubblokale.

Eventuelle enkle start- og tidtakarbuer skal normalt inngå som ein del av anlegget.

Styrketreningsrom

Det kan ytast tilskot til styrketreningsrom i tilknytning til idrettshus, idrettshallar og spesialhallar. Minste storleik er 60 m².

60 m² Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 300 000.

100 m² Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000.

150 m² Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Sosiale rom

Det kan ytast tilskot til rom som er opne for sosial aktivitet (treffstad) i tilknytning til idrettshallar og spesialhallar. Minste storleik er 100 m². Kafé og vrimlearealer vert ikkje rekna som sosiale rom.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000.

Garderobar

Det kan ytast tilskot til garderobar i tilknytning til idrettshus, aktivitetssalar, idrettshallar og spesialhallar. Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000 per garderobesett.

For nokre anlegg vert det stilt krav om tal på garderobesett. Tilskot til garderobar er då teke inn i mogleg søknadssum for anlegget. For anlegg som vert bygd med færre garderobar enn kva som var føresetnaden, fører det til at søknadssummen vert redusert.

Lysanlegg

Det kan søkast om tilskot til lysanlegg for alle utandørsanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Rehabilitering av lysanlegg med PCB-haldige armaturar⁶

I anlegg som turvegar, turløyper og turstigar, inkludert lysløyper, der ein framleis nyttar lysarmaturar med komponentar som inneheld PCB, kan ein søke om tilskot til rehabilitering av lysanlegg under føresetnad av at ein i nytt anlegg nyttar armaturar med lågt energiforbruk (til dømes LED-lys).

Tilskot: inntil 50 % av godkjende kostnader, maksimalt kr 700 000.

Etter særskilt vurdering av departementet kan denne bestemminga òg gjerast gjeldande for lysanlegg i andre typar idrettsanlegg.

Sanitæranlegg

Det kan ytast tilskot til etablering av sanitæranlegg (toalett og/eller dusj) som er knytta opp til eit utandørs aktivitetsanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Universell utforming av eksisterande idrettsanlegg

Ein kan søke om spelemidlar til ombygging av anlegg for å tilfredsstille krava til tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne. I planane for ombygging av anlegget må det leggest stor vekt på at det vert ei tilfredsstillande heilskapsløysing og at ikkje berre delar av anlegget vert utbetra.

Tilskot: inntil 50 % av godkjende kostnader, maksimalt kr 1 000 000.

⁶ Denne bestemminga gjeld for siste gong ved tildeling i 2017.

2.6.5 Fastsette søknadssummar for ein del typar ordinære idrettsanlegg

Aktivitetssalar/styrketreningsrom

Med aktivitetssal meiner ein rom/areal i tilknytning til idrettshus, idrettshallar eller spesialhallar, som skal vere eigna for trening og mindre konkurransar innan idrettar som til dømes aerobic, dans, fekting og kampidrett. Brukarar av aktivitetssalar skal ha tilgang til garderober og toalett. Aktivitetssalane skal ha fri takhøgde på minimum 4 m. Lågare takhøgde etter særskilt vurdering.

Er det totale arealet for aktivitetssalar større enn 250 m², skal aktivitetssalane ha egne garderober. Tilskot til garderoberett kjem i tillegg.

Type: aktivitetssal minimum 150 m².

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Type: aktivitetssal minimum 250 m².

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 200 000.

Type: aktivitetssal minimum 500 m².

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 400 000.

Amerikansk fotball

Tilskot etter særskilt vurdering av departementet.

Cricketbaner

Tilskot etter særskilt vurdering av departementet.

Fotballanlegg

Omfattar òg anlegg for rugby.

Fotball-/treningsanlegg (grus og naturgras)

Type: fotballbane, minstemål 45 x 90 m speleflate pluss tryggingssone, tilrådd storleik 64 x 100 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: speleflate 40 x 60 m pluss tryggingssone.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Kunstgras for fotball, medrekna lysanlegg

Type: speleflate 64 x 100 m (kunstgrasflate 68 x 106 m, flate inklusive tryggingssoner 72 x 110 m) medrekna underbygging og lysanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 500 000.

(Baner som har tilfredsstillande lysanlegg: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 200 000.)

Ved mindre areal vert tilskotet redusert høvesvis.

Type: speleflate 50 x 70 m (kunstgrasflate 53 x 73 m, flate inklusive tryggingssoner 56 x 76 m) medrekna underbygging og lysanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 400 000.

(Baner som har tilfredsstillande lysanlegg: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 200 000.)

Ved mindre areal vert tilskotet redusert høvesvis.

Type: speleflate 40 x 60 m (kunstgrasflate 43 x 63 m, flate inklusive tryggingssoner 46 x 66 m) medrekna underbygging og lysanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

(Baner som har tilfredsstillande lysanlegg: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 900 000.)

Type: speleflate 30 x 50 m (kunstgrasflate 33 x 53 m, flate inklusive tryggingssoner 36 x 56 m) medrekna underbygging og lysanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

(Baner som har tilfredsstillande lysanlegg: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 600 000.)

Dette er den minste banen for organisert fotball som det normalt vert gitt tilskot til. For mindre baner, sjå nærmiljøanlegg kap. 3.

Kunstgras skal tilfredsstillende gjeldande krav til funksjon.

Treningsfelt for fotball

Aktivitetsflata skal ha kunstgrasdekke og ha ein storleik på min. 1500 m².

Tilskot: inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr 500 000.

Rehabilitering av kunstgrasdekke for fotball

Det kan ytast tilskot til rehabilitering av kunstgrasdekke for fotball etter ei brukstid på **minimum ti år**.

Type: speleflate 64 x 100 m (kunstgrasflate 68 x 106 m).

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: speleflate 40 x 60 m (kunstgrasflate 43 x 63 m).

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 400 000.

Undervarme

Tilskot til undervarme på kunstgrasbaner (speleflate 64 x 100 m): inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Ved mindre areal vert tilskotet redusert høvesvis.

Tilskot til undervarmeanlegg er avgrensa til energikjelder som konsesjonsførebudde fjernvarmeanlegg, solfangar/geovarme, biokjel/pellets/biogass eller IR-varme. Andre energikjelder kan godkjennast etter særskilt vurdering av departementet. **Det vert ikkje gitt tilskot til undervarme på naturgras.**

Rehabilitering av undervarme

Det kan ytast tilskot til rehabilitering av undervarmeanlegg på kunstgrasbaner etter **minimum 10 års brukstid.**

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Fotballhallar

Type: speleflate 40 x 60 m pluss tryggingssone (aktivitetsflate inklusive tryggingssoner 46 x 66 m), lager for fotballmål og idrettsmateriell og to sett garderobar.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 5 000 000.

Type: speleflate 30 x 50 m pluss tryggingssone (aktivitetsflate inklusive tryggingssoner 36 x 56 m), lager for fotballmål og idrettsmateriell og to sett garderobar.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 500 000.

Dette er den minste storleiken for fotballhall som det normalt vert gitt tilskot til.

Friidrettsanlegg

Friidrettsanlegg - utandørs

Type: banedekke av grus for friidrett, seks baner for rundløp, kast- og hoppfelt og naturgras fotballbane.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 000 000, fordelt med kr 1 000 000 til kvar eining.

Type: fast banedekke for friidrett, seks baner for rundløp, kast- og hoppfelt og naturgras fotballbane.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 000 000, fordelt med inntil kr 2 000 000 til friidrettsdelen og kr 1 000 000 til fotballbanen (inkl. underbygging).

Ved mindre eller større areal på fast dekke for friidrett, vert tilskotet redusert/auka høvesvis.

Kunstgrasbane og fast banedekke for friidrett vert vurdert særskilt av departementet.

Omlegging frå naturgras til kunstgras i kombinasjonsanlegg krev godkjenning frå departementet.

Rehabilitering av banedekke for friidrett

Type: fast banedekke for friidrett, seks baner for rundløp og kast- og hoppfelt.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Ved mindre eller større areal på fast dekke for friidrett, vert tilskotet redusert/auka høvesvis.

Delanlegg for friidrett – utandørs

Type: sprintbane 100 m/110 m og seks baner med banebreidde 1,22 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: sprintbane 100 m/110 m og fire baner med banebreidde 1,22 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 600 000.

Dette er det minste talet på sprintbaner (utandørs) som det normalt vert gitt tilskot til.

Type: hoppfelt (lengde og høgde)

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 300 000.

Type: kastfelt

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 300 000.

Friidretts- og aktivitetsanlegget Friplassen

Type: aktivitetsflate ca. 40 x 70 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Andre storleikar etter særskilt vurdering av departementet.

Friidrettshallar

Type: friidrettshallar med minimum fire baner for rundløp, sprintbane, hoppfelt, kastefelt og garderobar.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 12 000 000.

Delanlegg for friidrett - innandørs

Type: sprintbane 60 m, seks baner med banebreidde 1,22 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: sprintbane 60 m, tre baner med banebreidde 1,22 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000.

Dette er det minste talet på sprintbaner (innandørs) som det normalt vert gitt tilskot til.

Type: hoppfelt (lengde og høgde)

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 300 000.

Type: kastfelt

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 300 000.

Friluftslivsanlegg

Allmenne merknader

Denne kategorien omfattar anlegg som dagsturhytter, turveggar, turløyper og turstiar. Det vert lagt vekt på at anlegga så langt råd er skal kunne brukast heile året.

Turveggar, turløyper og turstiar må vere innteikna på kart. Av kartet skal det gå fram kvar arbeidet skal utførast.

Utandørs badeplassar er ikkje omfatta av spelemidelordninga, men det kan søkast om tilskot til aktivitetsområde og/eller sanitæranlegg knytt opp mot badeplassar.

For funksjonshemma kan spesielt baderampar til utkøyring av rullestolar nemnast. For bryggjer/flytebryggjer og båthus, sjå "Vassportanlegg".

Det kan ytast tilskot til lysanlegg for turveggar og turløyper, sjå kap. 2.6.4.

For definisjonar av turvegar, turløyper og turstigar, sjå vedlegg 13.

Turvegar

Turvegar er fleirfunksjonelle traséar med høg utnyttingsgrad for ferdsel til fots eller med sykkel, barnevogn eller rullestol. Dei har størst grad av opparbeiding, gjer det lett å kome fram, må tole køyring med vedlikehaldsmaskinar og skal ha eit fast og jamt toppdekke. Nokre vegar kan vere asfalterte for rulleski. Vegane skal tilfredstilla krav til universell utforming med tanke på dekke og stigningsgrad.

Turvegar - ordinære anlegg:

- Anbefalte mål: samla ryddebreidde 4-5 m, bruksbreidde 2,5-3 m. Andre mål kan nyttast.
- Lengde: minimum 2 km
- Tilskot: inntil 50 % av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Ved kortare turveg vert tilskotet redusert høvesvis. Det vert ikkje gitt tilskot til turvegar som er kortare enn 1 km.

Turløyper

Turløyper er traséar som er rydda, merkte og gjorde godt framkomelege for skigåarar og for løypemaskinar og naudsynt vedlikehaldsutstyr. Dei har ein større grad av opparbeiding av grunnen enn ein tursti (god bereevne), har eit jamt toppdekke og er normalt grøfta, har solid og godt drenert underbygging og har stikkrenner. Turløyper bør, så langt som mogleg, tilfredstille krava til universell utforming. Turløyper er ikkje tilrettelagt for trening eller konkurranse.

Turløyper - ordinære anlegg:

- Anbefalte mål: samla ryddebreidde 6-8 m, bruksbreidde 3-4 m. Andre mål kan nyttast.
- Lengde: minimum 2 km.
- Tilskot: inntil 50 % av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Ved kortare turløype vert tilskotet redusert høvesvis. Det vert ikkje gitt tilskot til turløyper kortare enn 1 km.

Turstiar

Turstiar er traséar primært for ferdsel til fots. Traseen er rydda, merkt og med ei avgrensa grad av opparbeiding. Turstien er som oftast knytt til natur- og friluftsområde. Det er lettare å kome fram på ein tursti enn på ein vanleg sti fordi overvatnet er leidd bort, og klopper/mindre bruer og kavlar er bygde. Det er normalt inga belysning. Dersom turstien skal leggast til rette for skigåing, må ein utbetre grunnen.

Turstiar - ordinære anlegg:

- Anbefalte mål: samla ryddebreidde 2 m, bruksbreidde 1 - 1,5 m. Andre mål kan nyttast.
- Lengde: minimum 2 km
- Tilskot: inntil 50 % av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Ved kortare tursi vert tilskotet redusert høvesivs. Det vert ikkje gitt tilskot til turstiar kortare enn 1 km.

Dagsturhytter

Dagsturhytter er hytter som primært er meinte som turmål for dagsturar. Desse hyttene kan ligge både ved sjøen og i innlandet. Rom og fasilitetar meinte for overnatting har ikkje rett til tilskot og kan ikkje takast med i utrekningsgrunnlaget for tilskot.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Sanitæranlegg

Det kan ytast tilskot til etablering av sanitæranlegg (toalett og/eller dusj) som er knytt opp til eit utandørs aktivitetsanlegg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Sjøsportkart

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Turkart

Type: turkart er kart til turbruk sommar og vinter i målestokk: 1:20 000 – 1:100 000.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Golfanlegg

Golfbaner

9 hol Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 000 000.

18 hol Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 5 000 000.

Kortholsbane Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Øvingsområde Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Vatningsanlegg Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Mindre anlegg Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Kunstgrasgreenar Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Hundesport

Type: hall for agility, aktivitetsflate 24 x 40 m.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Type: anlegg for hundekjøring

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Idrettshallar⁷

Aktivitetsflate 16 x 24 m

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 000 000.

Beløpet har som føresetnad at det er 7 m fri takhøgde i hallen, to sett garderobar og minimum 40 m² lager for idrettsmateriell. Lager for bord, stolar og liknande kjem i tillegg.

Aktivitetsflate 23 x 44 m

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 7 000 000.

Beløpet har som føresetnad at det er 7 m fri takhøgde i hallen, to sett garderobar og minimum 70 m² lager for idrettsmateriell. Lager for bord, stolar og liknande kjem i tillegg.

Aktivitetsflate 25 x 45 m

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 10 000 000.

Beløpet har som føresetnad at det er 7 m fri takhøgde i hallen, to sett garderobar og minimum 100 m² lager for idrettsmateriell. Lager for bord, stolar og liknande kjem i tillegg.

Aktivitetsflate 48 x 45 m (dobbelthall)

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 15 000 000.

Beløpet har som føresetnad at det er 7 m fri takhøgde i hallen, tre sett garderobar og minimum 150 m² lager for idrettsmateriell. Lager for bord, stolar og liknande kjem i tillegg.

Aktivitetsflate 72 x 45 m (trippelhall)

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 20 000 000.

Beløpet har som føresetnad at det er 7 m fri takhøgde i hallen, fire sett garderobar og minimum 200 m² lager for idrettsmateriell. Lager for bord, stolar og liknande kjem i tillegg.

Tilskot til idrettshallar med andre storleikar eller hallar med fri takhøgde på minimum 9 m, etter særskilt vurdering av departementet.

Rehabilitering av dekke i idrettshall

Ein kan gi tilskot til rehabilitering av dekke i idrettshallar som består av

- ei normal aktivitetsflate (23 x 44 m)
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000.
- to normale aktivitetsflater
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 900 000.

⁷ Ein definerer idrettshall som ein hall som kan nyttast til ulike idrettsaktivitetar utan tidkrevjande klargjering eller omgjering, det vil seie at hallen kan ha løpande vekselbruk mellom idrettar.

Isanlegg (kunstis)

Bandybane

Type: aktivitetsflate 64 x 108 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 8 000 000.

Bandybane med 285 m rundbane

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Hurtigløpsbane

Type: 400 m rundløpsbane.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 6 000 000.

Bandy- og hurtigløpsanlegg

Type: bandybane 64 x 108 m og 400 m rundløpsbane for lengdeløp.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 12 000 000.

Andre banemål etter særskilt vurdering av departementet.

Curlinghall

Tilskotssatsar:

- curlinghall med to baner: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 000 000.
- curlinghall med fire baner: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 7 500 000.

Curlinghall med fleire enn fire baner vert vurdert særskilt av departementet.

Ishockey, utandørs kunstis

Type: speleflate 30 x 60 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 000 000.

Utandørs kunstisflater

Type: minste areal 900 m² og lysanlegg må vere med.

Tilskot: som nærmiljøanlegg, sjå kap. 3.

Ishall

Type: speleflate normalt 30 x 60 m, minimum 26 x 56 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 12 000 000.

Beløpet inkluderer to sett garderobar, rom for isprepareringsmaskin, lagerrom, sliperom for skøyter og publikumsværn.

Andre storleikar etter særskilt vurdering av departementet.

Kampidrettsanlegg

Sjå aktivitetssal.

Større anlegg etter særskilt vurdering av departementet.

Kart

Orienteringskart

For kontroll i samband med sluttutbetaling av spelemidler, sjå pkt. 6.2.5.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Skiorienteringskart

For kontroll i samband med sluttutbetaling av spelemidler, sjå pkt. 6.2.5.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Andre kart

For turkart og sjøsportkart, sjå under *Friluftslivsanlegg*.

Klatreanlegg

Klatrehall

Hallen skal byggast som separat hall avsett til berre klatring eller i tilknytning til ein annan hall, til dømes idrettshall. Klatrehallen må ha minst 200 m² klatrevegg og vere minst 10 m høg.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 500 000.

Større klatreanlegg etter særskilt vurdering av departementet.

Klatrevegg /buldrevegg

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Klatreruter i fjellveggar

Type: klatreførarar

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Type: sikring av klatreruter (sikringsboltar osv.)

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Luftsportanlegg

Type: anlegg for motorfly, mikrofly, seglflyging, fallskjermhopping, hanggliding/paragliding og modellfly. Hangar, start- og landingsstriper.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Motorsportanlegg

Type: kartingbane, bilcrossbane, crosscartbane, rallycrossbane, street legal, drifting, bakkeløpstrase og offroad.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: trial og motocrossløype.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: bane for radiostyrt bil.

Tilskot: 1/3 av godkjent kostnad inntil kr 1 000 000.

Type: snøscooterbane, baneracing, roadracing, dragrace, speedwaybane, longtrack og depotområde for større motorsportsanlegg.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Dersom eit anlegg inneheld fleire banetypar/greiner, vert tilskotssatsen vurdert særskilt av departementet.

Rideanlegg

Ridehall

Ridehall	20 x 42 m	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 500 000.
----------	-----------	--

Ridehall	20 x 60 m	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 500 000.
----------	-----------	--

Større hallar		Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.
---------------	--	---

Stall

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000 for inntil 30 stallplassar. Større stallar etter særskilt vurdering av departementet.

Utandørsbaner

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Ridesti

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Rugbyanlegg

Sjå fotballanlegg.

Samiske idrettar

Anlegg for reinkappkøyning

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Anlegg for lassokasting

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Skateparkanlegg

Utandørs skatepark

Skateparken skal vere avsett til skateboard (og eventuell annan ikkje-motorisert rullande aktivitet). Arealet må svare til minst 800 m² effektiv kjøreflate i **varig** materiale, til dømes betong.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 000 000.

Andre storleikar etter særskilt vurdering av departementet.

Skatehall

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Skianlegg

Alpinbakkar

Slalåmbakkar/storslalåmbakkar

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000 på kvar av einingane bakke/skitrekk.

Super G og utforløyper

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Snowboard- og/eller freestyleanlegg

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Hoppbakkar

Type: bakke med dommartårn, hoppmålartrapp, utøvartrapp, trenartribune.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Bakkar med K/W = 75 m og større etter særskilt vurdering av departementet.

Til hoppbakkar for heilårsbruk kan det i tillegg søkast om inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000 til porselens- eller frysespør og plastdekke i unnarenn.

Skiheis/skitrekk

Det er ein føresetnad at det ligg føre ein konsesjon frå fylkesmannen ved søknad om tilskot til skiheisar/skitrekk. Driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn) skal ligge føre før sluttutbetaling av tilskot. Samferdsdepartementet endra organiseringa av Taubanetilsynet frå 1. januar 2012.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Langrenn/skiskyting

Langrennsanlegg

I eit langrennsanlegg inngår stadion, smørebu, sprinttrasé og løyper (traséarbeid) i tilknytning til permanent stadion. Dei ulike anleggseiningane i samband med eit langrennsanlegg kan vurderast som separate søknader.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Løypetraséar med asfaltdekke

Til løypetraséar for heilårsbruk med asfaltdekke kan det i tillegg søkast om tilskot på 1/3 av kostnadene inntil kr 700 000 til legging av asfaltdekket.

Store anlegg: etter særskilt vurdering av departementet.

Skiskyttaranlegg

I eit skiskyttaranlegg inngår start-/målområde, skytebane, strafferunde og vekslingsfelt. Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Snøproduksjonsanlegg

Det kan ytast tilskot til snøkanonar, pumper, vassbasseng, tilførselsleidningar og anna utstyr som trengst til snøproduksjon. Naudsynte offentlege løyve og konsesjonar for eventuelt uttak av vatn frå vassdrag eller bygging av vassbasseng, må ligge føre før spelemidlar kan utbetalast.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Skyteanlegg

Ein kan gi tilskot til alle typar skyteanlegg. Det gjeld òg anlegg ått av lag og foreiningar tilslutta Det frivillige Skyttervesen (DFS) og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Type: utandørs skytebane.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: innandørs skytebane, 10 m, minimum fire skiver.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Type: innandørs skytebane, 15 m

5-9 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

10-14 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

15-19 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 500 000.

20- baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 000 000.

Type: innandørs skytebane, 25 m

5-9 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

10-14 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 500 000.

15-19 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 250 000.

20- baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 000 000.

Type: innandørs skytebane, 50 m

5-9 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 850 000.

10-14 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 800 000.

15-19 baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 200 000.

20- baner Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 5 600 000.

Tilskot til innandørs skytebane, andre avstandar: etter særskilt vurdering av departementet.

Der det vert ytt tilskot gjennom DFS tildelt over forsvarsbudsjettet, jf. lov om statsbidrag til anlegg m.v. av skytebaner av 5. april 1974, skal summen av tilskot av spelemidlar og eventuelle tilskot gjennom DFS ikkje utgjere meir enn 50 % av godkjende kostnader.

Ein krev godkjenning frå lokal politistyresmakt.

Rehabilitering av elektroniske skiver

Type: elektronisk målskivemateriell.

Tilskudd etter minimum **ti års brukstid**: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Symjeanlegg

Innandørs symjeanlegg

Innandørs symjeanlegg inkluderer garderobar og naudsynte tilleggsrom.

Type: opplæringsbasseng, 12,5 x 8,5 m

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 500 000.

Type: treningsbasseng, 25,0 x 12,5 m, seks baner, banebreidde 2 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 17 000 000.

Type: konkurransebasseng, 25,0 x 15,5 m, seks baner, banebreidde 2,5 m.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 21 000 000.

Type: konkurransebasseng, 50 m.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

For konkurransebasseng skal det settast av areal for arrangementtekniske oppgåver og tilskodarar.

Til opplæringsbasseng, minst 12,5 x 8,5 m, i tillegg til større basseng, kan ein gi tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 000 000.

Rullestolrampe til opplæringsbasseng

Det kan ytast tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 200 000 til etablering av rullestolrampe i tilknytning til opplæringsbasseng. Det er ein føresetnad at rampen vert plassert utanfor og i tillegg til bassenget, slik at vassareal/bane ikkje vert nytta til rampen.

Hev- og søkkbare botnar og bryggjer

Det kan ytast tilskot til hev- og søkkbare botnar og bryggjer i basseng med inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Tryggings-/overvakingsutstyr

Det kan søkast om tilskot til etablering av tryggings- og overvakingsutstyr i basseng/bassengrom med inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Stup

Tillegg for stupeanlegg i tilknytning til basseng:

1 m svikt, 3 m fast

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

1 m svikt, 3 m svikt og 5 m fast

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 2 000 000.

Stupeanlegg i eige basseng og andre høgder vert vurderte særskilt av departementet.

Element utan rett til tilskot

Det vert ikkje ytt tilskot til solarium, boblebad, bølgemaskin, rutsjebane e.l.

Utandørs symjeanlegg

Tilskot etter særskilt vurdering av departementet.

Sykkelanlegg

Type: anlegg for ulike greiner i sykling.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Tennisanlegg

Tennishall

Tilskotssatsar:

Tennishall med ein bane	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 3 000 000.
Tennishall med to baner	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 5 000 000.
Tennishall med tre baner	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 7 000 000.
Tennishall med fire baner	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 9 000 000.
Tennishall med fleire enn fire baner	Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.
Overtrykkshall for overbygg på utandørsbaner i vintersesong	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Tennisbaner (utandørs)

Type: opptil fire baner.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 000 000.

Type: fleire enn fire baner.

Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.

Turnhall

Basishall er ein treningshall for turn med permanent oppmontert utstyr.

Tilskotssatsar:

Basishallar (23 x 20 m)	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 000 000.
Turnhall (23 x 44 m)	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 8 000 000.
Andre storleikar	Tilskot: etter særskilt vurdering av departementet.
Nedfelt hoppegrop i idrettshall	Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 500 000.

Vassportanlegg

Båthus for kajakkar, robåtar, seglbåtar, motorbåtar⁸

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Bryggje/flytebryggje for padling, roing, segling, vasski og båtsport

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Padleanlegg

Type: anlegg for konkurransepadling.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Roanlegg

Type: anlegg for konkurranseroing.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Utsetjingsrampe i tilknytning til vassportanlegg

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Vasskianlegg

Type: anlegg for trening og konkurransar.

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

Båtsportanlegg

Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 700 000.

⁸ For båtsport, ikkje fritidsbåtar.

3. FØRESEGNER FOR NÆRMILJØANLEGG

Der ikkje noko anna er fastsett, gjeld dei allmenne vilkåra for tildeling av spelemidlar til ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet, sjå kap. 2.

3.1 Definisjon

Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørsanlegg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller aktivitetsområde.

Nærmiljøanlegg skal vere fritt allment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, fyrst og fremst for barn og ungdom (6-19 år), men òg for resten av lokalbefolkninga. Nærmiljøanlegg kan unnataksvis nyttast til organisert, idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert, fysisk aktivitet skal ha førsteprioritet.

3.1.1 Anleggstypar/element med rett til tilskot

Under følger ei liste over anleggstypar/element med rett til tilskot. Det kan òg søkast om tilskot til andre anleggstypar/element, under føresetnad av at departementet på førehand har skriftleg godkjend type/element.

Mange nærmiljøanlegg vert meir funksjonelle og talet på brukstimar aukar dersom ein monterer lysanlegg i tilknytning til anlegget. Det vert anbefalt å vurdere dette behovet ved planlegging av nærmiljøanlegg.

Følgande liste viser døme på anleggstypar/element med rett til tilskot:

Fleirbruksanlegg

- fleirbruksområde, inntil 2400 m² med underlag lagt til rette for t.d. ballspel, hopp, løp, kast, turnaktivitetar, naturis

Lysanlegg

- lysanlegg i tilknytning til aktivitetsanlegg

Ballaktivitet

- streetbasketanlegg
- sandvolleyballbane
- ballvegg/ballbinge
- faste bordtennisbord
- mindre golfanlegg⁹ (inntil seks hol, lengde inntil 250 m)

Friluftsliv

- turveg/turløype/tursti¹⁰ lengre enn 500 m
- nærmiljøkart

⁹ Så langt det lèt seg gjere utan vesentlege kostnader, bør anlegga leggast til rette for t.d. skileik om vinteren.

¹⁰ Ved etablering av tursvegar/turløyper/turstiar kan ein inkludere element som til dømes merking, kvileplassar og andre tilpassingar for å gjere turvegen/turløypa/turstien best mogleg universelt utforma. Det er ein føresetnad at kvileplassar er plassert ved formålstenlege stader.

Vinteraktivitet

- skileikanlegg
- kunstisflate (min. 900 m², maks. 2400 m²)
- hoppbakkar med K mindre enn 20 m
- mindre skibakkar med høgdeskilnad under 30 m
- vatningsanlegg/vasskum i tilknytning til balløkker/flater for islegging til skeiseaktivitetar vinterstid

Diverse anlegg

- anlegg for parkour
- skateboard/rullebrettbane/inline hockey
- trimparkar
- klatrevegg/buldrebygg/klatrestativ dimensjonert for barn og ungdom (6-19 år)
- BMX/offroad/trick/dugleiksløype
- korgar til frisbeegolf

3.1.2 Utan rett til tilskot

Reine reiskapsleikeplassar (sandkassar, husker, sklier, vipper, klatrehus osv.) fell utanfor ordninga. Personleg utstyr og forbruksmateriell (ballar, racketar osv.) har heller ikkje rett til tilskot.

3.2 Krav til anlegget

Nærmiljøanlegg skal ligge i tilknytning til bu- og/eller aktivitetsområde. Med buområde meiner ein område der fleire har sin faste bustad. Med aktivitetsområde meiner ein område der fleire driv eigenorganisert, fysisk aktivitet og/eller organisert, idrettsleg aktivitet.

Nærmiljøanlegg kan uansett ligge i tilknytning til skule. Ved ei slik lokalisering skal nærmiljøanlegg vere opne utanfor skuletida.

Nærmiljøanlegg skal vere utandørsanlegg. Det kan settast opp skjerming mot vêt der det er behov. Skjerminga kan ikkje vere så omfattande at nærmiljøanlegget misser karakter av å vere utandørsanlegg. Skjerminga er ikkje eit element med rett til tilskot.

Nærmiljøanlegg skal vere universelt utforma og opne for alle brukarar.

Anleggseigar har ansvar for tryggleik i nærmiljøanlegg.

3.2.1 Krav til drift av anlegget

Anleggseigaren pliktar å halde anlegget ope for eigenorganisert idrettsleg/fysisk aktivitet i 20 år frå ferdigstilling eller rehabilitering av anlegget. Dette inneber plikt til å drive på årsbasis eller, for dei aktivitetane som er sesongrelaterte, på sesongbasis.

Dersom anlegget vert mellombels stengt i tre månader eller meir, pliktar anleggseigaren å orientere departementet på førehand. Denne plikta kviler òg på kommunen. Departementet har rett til å sette vilkår for slik mellombels stenging av anlegget. Vert anlegget ikkje opna innan seks månader, vert stenginga rekna som

misleghald om det ikkje ligg føre skriftleg godkjenning frå departementet for ei forlengd stenging.

Dersom den framtidige drifta av anlegget er truga, skal anleggseigar utan grunnlaust opphald orientere departementet om dette. Denne plikta kviler òg på kommunen.

Andre krav til drifta av anlegget

Andre krav til drifta av anlegget følger av pkt. 2.3.

3.3 Krav til søknaden

Søknad om tilskot ved tildeling i 2017 skal leverast elektronisk på nettstaden www.idrettsanlegg.no. Sjå pkt. 1.3.

Desse vedlegga skal følge søknaden, sjå pkt. 2.2.8:

- Vedlegg 1: Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjende planar for anlegget med behovsoppgåve
- Vedlegg 2: Detaljert kostnadsoverslag
- Vedlegg 3: Dokumentasjon av dei ulike delane av finansieringsplanen
- Vedlegg 4: Plan for drift av anlegget
- Vedlegg 5: Rett til bruk av grunn, sjå pkt. 3.4.

3.3.1 Krav til søkar

Oversyn over kven som kan søke om tilskot til nærmiljøanlegg, sjå pkt. 2.2.1.

I tillegg til søkarar som er nemnde i pkt. 2.2.1, kan burettslag og velforeiningar søke om tilskot til nærmiljøanlegg. Krav om førehandsgodkjenning av vedtekter gjeld ikkje for burettslag og velforeiningar.

3.3.2 Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn

Søkaren må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal ligge. Denne retten skal dokumenterast og ha heimel i eit av følgande forhold:

- tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka
- tinglyst feste-/leigerett av minimum 20 års varigheit, som skal dokumenterast med stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen og stadfesta utskrift av grunnboka
- avtale av minimum 20 års varigheit med kommunen/fylkeskommunen/staten om bruk av grunnen, når det gjeld anlegg på kommunal, fylkeskommunal eller statleg grunn
- avtale av minimum 20 års varigheit med grunneigarar om bruk av grunnen når det gjeld turvegar, turløyper og turstiar

I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, gi dispensasjon frå krava. Søknadsfristen er **15. november 2016**.

3.3.3 Teknisk krav og godkjenning

Planar for nærmiljøanlegg skal ha idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning frå kommunen før byggearbeidet vert sett i gang.

Den tekniske oppbygginga av areal for nærmiljøanlegg bør, så langt det er mogeleg, følge gjeldande tilrådingar for teknisk oppbygging av tilsvarande ordinære idrettsanlegg. Det er òg utarbeidd eigne rettleiarar for ein del anleggstypar, til dømes skileikanlegg og sandvolleyballbaner. Det vert tilrådd at desse vert nytta ved utforminga av anlegga.

For nærmiljøkart vert det tilrådd at kartnorma til Norges Orienteringsforbund vert følgt.

Det vert understreka at aktivitet i nærmiljøanlegga fører til støy som i bustadområde kan vere sjenerande for grannar. Ein bør difor vurdere planane spesielt med tanke på dette. Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd "Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg" (IS-1693), med det føremålet å førebygge og minske støy frå anlegga. Rettleiaren er revidert av Helsedirektoratet og kan lastast ned frå www.helsedirektoratet.no/publikasjoner.

Det kan vere plikt om å søke byggeløyve etter plan- og bygningsloven. Det vert bedt om at søkar undersøker dette i samband med prosjektering.

3.3.4 Nærmiljøanlegg i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr 600 000 skal vere del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Utbygging av nærmiljøanlegg for fysisk aktivitet bør gjerast i samsvar med vedtekne målsettingar, og derfor bør òg mindre nærmiljøanlegg vere omtalt i ein kommunal plan.

Det vert oppfordra til dialog mellom lokale frivillige organisasjonar, til dømes idrettslag, og skule ved bygging av nærmiljøanlegg i tilknytning til skular. Dette vil vere eit ledd i utvikling av gode sosiale møteplassar i lokalsamfunnet.

3.4 Tilskotssum og sumgrense

Ein kan søke om tilskot på inntil 50 % av godkjend kostnad. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr 300 000. Nedre beløpsgrense for godkjend kostnad er kr 50 000 (tilskot kr 25 000).

Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr 600 000. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50 000.

Til utandørs kunstisflate kan det ytast tilskot på inntil 50 % av godkjend kostnad, maksimalt kr 1 200 000.

Merk:

- Særlege tilskotssatsar (jf. pkt 2.6.2) gjeld ikkje for nærmiljøanlegg.
- Samla statleg tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjend kostnad.
- Summen av offentlege tilskot (kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar medrekna spelemidlar) kan ikkje utgjere ein høgare sum enn kontantutgiftene i godkjend kostnad.

3.4.1 Tilskot til rehabilitering

Det kan søkast om tilskot til rehabilitering av nærmiljøanlegg etter bruk i ti år. Søknadsprosedyren er den same som for nye anlegg.

Rehabilitering er ei istandsetjing av anlegget som skal gi vesentleg standardheving samanlikna med dagens situasjon. Rehabilitering kan òg innebere større utskiftingar og ombygging av anlegget.

4. FØRESEGNER FOR LØYPETILTAK I FJELLET OG OVERNATTINGSHYTTER

Frist for søknader om tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter er **1. november 2016**.

4.1 Allmenne føresegner

Der ikkje noko anna er fastsett, gjeld dei allmenne vilkåra for tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg. Sjå kap. 1, kap. 2, kap. 5 og pkt. 6.2.6.

Det vert stilt krav til universell utforming der lokaliseringa av anlegget gjer dette relevant.

4.2 Krav til søkar

Løypetiltak og overnattingshytter i fjellet

Søkarar om tilskot til løypetiltak og overnattingshytter i fjellet kan vere foreiningar tilslutta Den Norske Turistforening (DNT), andre frivillige foreiningar med tilsvarande føremål som DNT, og fjellstyre (jf. fjellova). For samanslutningar som ikkje er tilslutta DNT, skal vedtektene førehandsgodkjennast av departementet. For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må søknad om førehandsgodkjenning sendast til departementet innan **15. oktober 2016**.

Overnattingshytter ved kysten og i låglandet

Søkarar om tilskot til overnattingshytter ved kysten og i låglandet kan vere samanslutningar organiserte under Friluftsrådernes Landsforbund, samt Oslofjordens Friluftsråd, og Norsk Friluftsliv.

Det er som hovudregel kun eigaren av anlegget som kan søke om tilskot frå spelemidlane. Det kan søkast om midlar til hytter som ikkje er eigde av søkar dersom bygningen er eigd av kommune, fylkeskommune eller stat, og det vert inngått ein avtale om rett til bruk av minimum 30 års varigheit frå ferdigstilling av anlegget. Retten skal dokumenterast.

4.3 Krav om eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn

Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal ligge. Denne retten skal dokumenterast og ha heimel i eit av følgande forhold:

- tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka
- tinglyst feste-/leigerett av minimum 30 års varigheit, som skal dokumenterast med stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen og stadfesta utskrift av grunnboka

- avtale av minimum 30 års varigheit med kommunen/fylkeskommunen/staten om bruk av grunnen, når det gjeld anlegg på kommunal, fylkeskommunal eller statleg grunn
- avtale av minimum 30 års varigheit med grunneigarar om bruk av grunnen når det gjeld løypetiltak

Ved remerking av stiar som er eldre enn 50 år må grunneigar varslast og få høve til å uttale seg om tiltaket. Ved nymerking av løyper og remerking av løyper som er yngre enn 50 år, må det innhentast løyve frå grunneigaren.

I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, gi dispensasjon frå desse krava. For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må søknad om dispensasjon sendast til departementet innan **15. oktober 2016**.

4.4 Rett til tilskot

Løypetiltak og overnattingshytter i fjellet

Det kan søkast om tilskot til løypetiltak i fjellet og til overnattingshytter og sikringshytter som ligg i tilknytning til rutenettet i fjellet.

Løypetiltak: Det kan søkast om tilskot til opparbeiding av stiar og løyper, medrekna mellom anna kvilebuer og uvêrsskur, klopper, bruer og andre innretningar for passering av elvar, varding, skilting og raudmerking.

Overnattings- og sikringshytter: Det kan søkast om tilskot til investeringar i bygg som ligg i tilknytning til rutenettet i fjellet. Det kan òg søkast om tilskot til ombygging, utviding og rehabilitering. Det kan ikkje søkast om tilskot til vedlikehald og drift. Det kan heller ikkje søkast om tilskot til tileigning av grunn.

Overnattingshytter ved kysten

Det kan søkast om tilskot til overnattingshytter som ligg i tilknytning til kystleden/turruter ved kysten, dersom tiltaket er sett i gang etter 1. januar 2014.

Overnattingshytter: Det kan søkast om tilskot til investeringar i bygg som ligg i tilknytning til kystleden/turruter ved kysten. Det kan òg søkast om tilskot til ombygging, utviding og rehabilitering. Det kan ikkje søkast om tilskot til vedlikehald og drift. Det kan heller ikkje søkast om tilskot til tileigning av grunn.

Overnattingshytter i låglandet

Det kan søkast om tilskot til overnattingshytter i låglandet som ligg i tilknytning til eit løypenett med andre overnattingsplassar. Hyttene må vere opne for ålmenta. Tiltaket må vere sett i gang etter 1. januar 2015.

Overnattingshytter: Det kan søkast om tilskot til investeringar i bygg som ligg i tilknytning til løypenett i låglandet. Det kan òg søkast om tilskot til ombygging, utviding og rehabilitering. Det kan ikkje søkast om tilskot til vedlikehald og drift. Det kan heller ikkje søkast om tilskot til tileigning av grunn.

4.5 Tilskotssum og sumgrense

Nedre grense for godkjend kostnad er kr 150 000 for overnattings- og sikringshytter og kr 20 000 per løypetiltak.

Til sikringshytter og løypetiltak kan det søkast om tilskot på inntil 50 % av godkjend kostnad. Maksimalt tilskotsbeløp er kr 1 000 000.

Til overnattingshytter kan det søkast om tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad. Maksimalt tilskotsbeløp er kr 2 000 000. Ein reknar hyttetun med fleire hytter/bygg som eitt søknadsobjekt. Sumgrensa gjeld såleis for alle bygg på hyttetunet, med unnatak av sikringshytte. Dersom det er innvilga fleire tilskot til eit søknadsobjekt, vil samla tilskot dei siste ti åra maksimalt kunne utgjere kr 2 000 000.

Anlegg i kommunar i Nordland og Namdalen kan få eit tillegg på 20 % av ordinært tilskot, og anlegg i kommunar i Troms og Finnmark kan få eit tillegg på 25 % av ordinært tilskot, jf. pkt. 2.6.2.

For særleg kostnadskrevjande byggeprosjekt vert tilskotet fastsett etter særskilt vurdering av departementet. For å vere sikra søknadsbehandling i 2017, må skriftleg søknad om auka tilskot, der søkar gjer greie for det auka behovet, sendast departementet innan **1. oktober 2016**. Deretter kan søknaden om spelemidlar sendast inn.

Samla statleg tilskot til anlegget kan ikkje overstige 50 % av godkjend kostnad i søknaden.

4.6 Krav til søknad om spelemidlar

Søknad om tilskot ved tildeling i 2017 skal leverast elektronisk på nettstaden www.idrettsanlegg.no. Søknader om tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter vert behandla av DNT og ikkje av kommunen anlegget er geografisk plassert i. Søknaden må innehalde utfyllande opplysningar og dokumentasjon som har noko å seie for om ein kan gi tilskot, sjå pkt. 2.2.8. Det må vere samsvar mellom tal i søknaden og tal i vedlegga.

- Vedlegg 1: Teikningar av bygg og anlegg som er i samsvar med lov og forskrifter. Stiar og løyper må vere innteikna på kart vedlagt detaljteikningar av dei arbeida som skal utførast.
- Vedlegg 2: Detaljert kostnadsoverslag (sjå skjema på www.idrettsanlegg.no).
- Vedlegg 3: Dokumentasjon av dei ulike delane av finansieringsplanen, t.d. oversyn over dugnad.
- Vedlegg 4: Behovsvurdering inkludert skildring av tiltaket, medrekna tiltak for universell utforming der dette er relevant, sjå pkt. 4.4 og pkt. 2.5.5.
- Vedlegg 5: Rett til bruk av grunn, sjå pkt. 4.3.

4.7 Dugnad

Dugnadsarbeid skal settast opp i eit eige dugnadsoversyn (i vedlegg 3) utarbeidd med utgangspunkt i dei arbeida som etter kostnadsoverslaget (vedlegg 2) skal utførast på dugnad.

Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av kvalifisert fagperson (t.d. kostnadsvurdering/tilbod frå kommune eller firma [entreprenør, handverkar e.l.]).

Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad.

Les meir under pkt. 5.6.

4.8 Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

For å sikre at friluftslivet vert vareteke på plansida, bør anlegget inngå i ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet for det gjeldande området.

4.9 Krav til drifta av anlegget

Ope for idrettsleg aktivitet

Anleggseigaren pliktar å halde anlegget ope for eigenorganisert idrettsleg/fysisk aktivitet i 30 år frå ferdigstilling av anlegget. Dette inneber plikt til å drive på årsbasis eller på sesongbasis, for aktivitetar som har kortare sesongar.

Dersom anlegget vert mellombels stengt i tre månader eller meir, pliktar anleggseigaren å orientere departementet på førehand. Denne plikta kviler òg på kommunen. Departementet har rett til å sette vilkår for slik mellombels stenging av anlegget. Vert anlegget ikkje opna innan seks månader, vert stenginga rekna som misleghald om det ikkje ligg føre skriftleg godkjenning frå departementet for ei forlengd stenging.

Dersom den framtidige drifta av anlegget er truga, skal anleggseigaren utan grunnlaust opphald orientere departementet om dette. Denne plikta kviler òg på kommunen.

Andre krav til drifta av anlegget

Andre krav til drifta av anlegget følger av pkt. 2.3.

4.10 Søknadsprosedyre

Søknader om tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter må sendast inn innan **1. november 2016**.

Søknadsskjema finst på www.idrettsanlegg.no under *Søknads- og regnskapsskjema*. Når søknaden er fullstendig utfylt inkludert aktuelle vedlegg, vert den elektronisk sendt til DNT (val i skjemaet). DNT behandlar alle søknadene.

Søknader om løypetiltak og overnattingshytter i fjellet vert prioriterte av DNT, jf. punkt 4.6.

Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og Norsk Friluftsliv får oversyn over søknader om tilskot til overnattingshytter ved kysten og i låglandet for å gi fråsegn med svarfrist **1. februar 2017**.

DNT overfører alle søknadene elektronisk til departementet innan

15. februar 2017. I tillegg sender DNT brev til departementet med eit oversyn over prioritering av søknader om tilskot til løypetiltak og overnattingshytter i fjellet.

Departementet gjer endeleg prioritering av søknadene og vedtek fordeling av midlane. Melding om vedtaket vert sendt til søkaren innan **15. mai 2017**.

Ein syner til pkt. 6.2.6 om inndraging av tildelte spelemidlar. For tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, har departementet same rolle som fylkeskommunen.

4.11 Utbetaling av tilskot

Tilskotsmottakar sender utbetalingsoppmoding inkludert rekneskap med naudsynthe vedlegg til departementet. Det må opplysast om kontonummer for overføring av tilskot.

Rekneskapen skal vere ført slik at han kan samanliknast med godkjend kostnads-overslag og finansieringsplan som vart sendt inn saman med søknad.

Rekneskapen skal førast i eige rekneskapsskjema (sjå www.idrettsanlegg.no).

Ein skal legge ved revisorattestasjon til rekneskapen, jf. pkt. 5.11 og 5.13. Rekneskapen, som skal samsvare med godkjent kostnadsoverslag, bør vere detaljert. Kostnadene skal vere dokumenterte. Ved eventuelle endringar i finansieringsplanen (inkludert verdi av dugnad m.v.) må ein kontakte departementet for ny godkjenning før ein sender inn rekneskapen.

Der det er aktuelt, skal ein legge ved kopi av ferdigattest til rekneskapen.

Sjå elles kap. 5.

5. REKNESKAP OG KONTROLL

5.1 Rekneskapsplikt

Alle tilskotsmottakarar som tek imot tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, pliktar å levere eigen anleggsrekneskap.

Departementet har fastsett nærare reglar og føresegner for bruken av tildelte midlar, utbetaling, rekneskap og kontroll. Siste delen av tilskotet vert ikkje utbetalt før kontrollert sluttrekneskap (totalrekneskap) og revisorattestasjon er levert til fylkeskommunen¹¹.

Tilskotsmottakaren pliktar å kontrollere at tildelt tilskot vert brukt i samsvar med føresetnader og fastsette vilkår.

Revisorattestert anleggsrekneskap er òg grunnlag for søknad om kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg.

5.2 Krav til rekneskapsførar

Mottakarane av midlar må forvise seg om at rekneskapsføraren har tilstrekkelege føresetnader for å kunne utføre rekneskapsføringa på tilfredsstillande måte, og at vedkomande er kjent med krava og retningslinjene til departementet.

5.3 Krav om eigen anleggsrekneskap

Det skal førast ein eigen anleggsrekneskap for det aktuelle idrettsanlegget. Tilskotsmottakarar utanom kommunar og fylkeskommunar bør nytte ein eigen bankkonto for alle utbetalingar/innbetalingar som gjeld anleggsinvesteringa.

Anleggsrekneskapen skal skiljast frå andre rekneskap.

5.4 Krav om rekneskap som kan samanliknast med godkjent kostnadsoverslag og finansieringsplan

Rekneskapen skal vere ført slik at han kan samanliknast med godkjent kostnadsoverslag og finansieringsplan frå spelemidelsøknaden. Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjente kostnadsoverslaget.

Rekneskapsskjema (regnskapssammendrag for bygging av anlegg) ligg tilgjengeleg på nettsida www.idrettsanlegg.no. Kostnader skal dokumenterast.

¹¹ Departementet for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

5.5 Krav til dokumentasjon av utbetalinger og innbetalinger

Det skal ligge føre vedlegg over alle utbetalinger og innbetalinger. Vedlegga skal vise

- kva utbetalinga/innbetalinga gjeld
- kva konto som er belasta
- kven som har tilvist
- kven som har attestert
- vedleggsnummer

Vedlegg over utbetalinger som omfattar meirverdiavgift, skal vere i samsvar med krava i bokføringsforskrifta (forskrift av 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring), kap. 5.

Attestasjon og tilvising skal ikkje utførast av same person.

Tilskotsmottakaren pliktar å ta vare på vedlegga og rekneskapane i 10 år.

5.6 Dugnad, gåver¹² (utanom pengegåver) og rabattar¹³ - registrering i rekneskapsskjemaet

Det er fylkeskommunen som godkjenner det endelege kostnadsoverslaget. Verdien av dugnad, gåver og rabattar kan ikkje først opp med ein høgare sum i rekneskapen enn i det godkjente kostnadsoverslaget i søknaden.

Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad, gåver og rabattar.

Dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver eller rabattar, skal verdien av desse ytingane nedjusterast i rekneskapen med tilsvarende sum. Verdien vil i staden kome fram som ei betalt utgift.

Ved eventuelle endringar i finansieringsplanen (medrekna verdien av dugnad, rabattar osv.) må kommune og fylkeskommune kontaktast for ny godkjenning, før ein sender inn rekneskapen.

5.7 Finansiering – registrering i rekneskapsskjemaet

Finansiering som skal dekke anleggskostnadene, som eigenkapital, spelemidlar, lån, kommunale og fylkeskommunale tilskot og private tilskot, skal registrerast i rekneskapsskjemaet. Inntektspostane skal tilsvare postane for inntekter som inngjekk i finansieringsplanen i siste godkjente budsjett i søknaden.

5.8 Meldeplikt, skattetrekk osv.

Føresegnene i den allmenne lovgivinga om meldeplikt, skattetrekk, arbeidsgjevaravgift osv. skal følgast.

¹² Gåver gjeld ikkje som berekningsgrunnlag for nye søknader frå og med tildelingsåret 2017.

¹³ Rabattar gjeld ikkje som berekningsgrunnlag for nye søknader frå og med tildelingsåret 2015.

5.9 Krav om godkjenning av anlegget etter ferdigstilling

Kommunen skal, så snart anlegget er ferdig, gjennomføre ei endeleg synfaring. Kommunen skal attestere at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Dette skal gjerast før rekneskapen vert lagt fram for revisor. Sjå eige felt på rekneskapsskjemaet.

5.10 Utlevering av dokumentasjon til revisor

Avslutta rekneskap, rekneskapsbøker, vedlegg og kontoutskrifter skal utan oppmoding overleverast til revisor for kontroll. Saman med rekneskapen skal det ligge eit utfyllt rekneskapsskjema. Skjema er tilgjengelig på nettstaden www.idrettsanlegg.no. Revisor må òg få tilgang til endeleg godkjend søknad med vedlegg (frå kommunen eller fylkeskommunen).

Fylkeskommunen og departementet kan kreve å få utlevert fullstendig rekneskap med vedlegg.

5.11 Krav til revisor

Kommunen sin revisor skal gjennomgå og kontrollere rekneskapen¹⁴. Kontroll av rekneskap for anlegg med tilskot inntil kr 200 000 kan utførast av annan revisor, til dømes organisasjonen sin tillitsvalde revisor.

5.12 Krav til kontroll av rekneskap

Revisor skal kontrollere

- a) at inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene med rett til tilskot
- b) at oppført sum for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift
- c) at utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- d) at inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjort frå den kontoen som er oppgitt for dette føremålet
- e) at det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drift
- f) at verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinjene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- g) at dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- h) at rekneskapssamandraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Summen av kontantutgifter og fastsett verdi av gåver, dugnad og rabattar (utgifter med rett til tilskot) utgjer sluttkostnaden for anlegget.

¹⁴ Dersom søkar er eit aksjeselskap med revisjonsplikt, kan anleggsrekneskap kontrollerast av selskapet sin revisor. Rekneskap for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter kan reviderast av annan statsautorisert eller registrert revisor.

Når ein har gjennomført dei skildra kontrollhandlingane, skal revisor attestere på rekneskapsskjemaet (rekneskapssamandraget). Eventuelle merknader skal gå fram av revisorattesten.

For dei tilskotsmottakarane dette er aktuelt for, skal rekneskapen leggst til grunn for søknad om kompensasjon for betalt meirverdiavgift. I tillegg til punkta over skal det difor kontrollerast om det er kravt frådrag for inngåande meirverdiavgift.

5.13 Revisorattestasjon

Revisorattest skal leggst ved rekneskapen.

Revisor sin gjennomgang av rekneskapen vert utført i samsvar med ISRS 4400 - Avtalte kontrollhandlingar. Dei krava til kontroll av rekneskap som framkjem ovanfor, definerer kontrollhandlingane. Revisor sine kontrollar kan likevel baserast på risiko-/vesentlegheitsvurderingar etter relevante utvalsmetodar.

Den verifiserte sluttkostnaden bør gå fram av revisorattestasjonen. Dersom revisoren ikkje kan verifisere sluttkostnaden for anlegget, skal det i revisorattestasjonen gå fram kva summar revisoren finn ikkje å kunne stadfeste. Desse summmane må spesifiserast.

Dersom rekneskapen er av ein slik kvalitet at han ikkje lèt seg kontrollere, skal dette grunngjevast i fråsegn frå revisor.

5.14 Utbetaling av tilskot

Tilskotsmottakarar skal sende utbetalingsoppmoding vedlagt utfylt rekneskapsskjema og aktuelle vedlegg til fylkeskommunen. Utbetaling frå fylkeskommunen skal baserast på kontrollert rekneskap. Sluttbetaling kan fyrst skje etter at fylkeskommunen har godkjend revisorkontrollert sluttrekneskap (totalrekneskap).

Fylkeskommunen skal inndra eventuelle restsummar. Ved misleghald av vilkåra for tilskot, skal fylkeskommunen kreve utbetalte summar tilbakebetalt.

Tilskotsmottakarar som har levert rekneskap av ein slik kvalitet at han ikkje kan kontrollerast av revisor, jf. ovanfor, skal normalt ikkje få utbetalt tildelte spelemidlar.

Sjå pkt. 6.2.5 for meir informasjon om utbetaling til den einskilde tilskotsmottakar.

5.15 Kontroll av rekneskapane osb.

Riksrevisjonen, departementet eller fylkeskommunen kan gjennomføre kontroll, anten ved gjesting på staden og/eller ved å få rekneskapane innsendt.

Ein viser til det allmenne pålegget som Stortinget har gitt forvaltinga om å føre kontroll med tilskot til "offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt statlig kontroll", jf. § 10 andre ledd i Stortinget sitt løyvingreglement.

6. KOMMUNAL OG FYLKESKOMMUNAL SAKSBEHANDLING

6.1 Kommunal saksbehandling

6.1.1 Kommunal planlegging

For ordinære anlegg er det ein føresetnad at tiltaket ein søker om tilskot til, er ein del av ein vedteken kommunal plan.

Det er i første rekke kommunen som gjennom planlegging etter plan- og bygningsloven formår det fysiske miljø og sikrar kvalitet og moglegheiter for bygging ut frå eigenart og lokale føresetnader. Kvar einskild kommune har ansvaret for å legge forholda til rette for den konkrete planlegging (kommuneplan og reguleringsplan) etter lova. Kommunane må i si planlegging følge dei retningslinjer og mål som statlege organ og fylkeskommunen tek med inn i planprosessen.

Ein kommunal plan er eit politisk dokument og ein styringsreiskap for å nå dei målsettingane kommunen har. Planen vert initiert og vedteke av kommunestyret. Innan fyrste år med nytt kommunestyre skal kommunal planstrategi verte vedteke, altså kvart fjerde år. Gjennom vedtak av kommunal planstrategi bestemmer kommunen om det skal gjerast ein full eller delvis kommuneplanrevisjon, og kva revisjonen skal gå ut på. Planstrategien gir føringar for kva planar og tilhøyrande handlingsdelar som skal utarbeidast. For å fange opp nye eller endra behov og føresetnader, krev plan- og bygningsloven ein årleg rullering av handlingsdelen.

For nærare informasjon om kommunal planlegging, sjå rettleiaren i "Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet" V-0798.

6.1.2 Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar

For idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for idrettsanlegg, sjå pkt. 2.5, samt rettleiaren V-0985 "Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning. Veileder for kommunale saksbehandlere".

Kommunane har fullmakt til å førehandsgodkjenne planar for dei fleste typar anlegg. Dette medfører at kommunane sjølve må sørge for den naudsynte kompetansen for å kunne gjere dette. Det vert anbefalt å ta kontakt med kommunen si avdeling for byggesak og/eller eigedom for å gi vurderingar i samband med førehandsgodkjenningar og kostnadsoverslag.

Søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal vere heilskapleg og ha fullstendig teikningsgrunnlag. Ved godkjenning vert det skrive eit godkjenningsbrev og planane skal påførast dato, stempel og underskrift. Dette skal leggest ved som dokumentasjon på kva det vert søkt om tilskot til. Teikningane/planane kan stemplast og sendast elektronisk. Eitt sett planar skal kommunen behalde, eitt sett skal følge søknad om spelemidlar og eitt sett skal anleggseigaren behalde. Dersom teikningane/planane vert godkjende på papir, må ein levere tre sett.

Kommunen fastset frist for innsending av søknader/planar som kommunen skal gi idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til.

Søknader/planer for anleggstypar som krev førehandsgodkjenning av departementet, skal sendast departementet for førehandsgodkjenning. Departementet har to månaders behandlingstid. Det vil seie at søknad om førehandsgodkjenning bør sendast til departementet innan **15. november 2016**.

6.1.3 Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader (www.idrettsanlegg.no)

Før det kan søkast om tilskot til anlegg, må kommunen registrere anlegget i idrettsanleggsregisteret.

Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader er grunnleggjande for at søknadsordninga skal fungere etter føresetnadene. Anleggsregisteret må difor haldast oppdatert.

Kommunane har frist til **15. februar 2017** til å oppdatere registeret og melde om utført oppdatering til fylkeskommunen. Rettleiing og retningslinjer for oppdatering av registeret vert lagt ut på departementet sine heimesider på www.idrettsanlegg.no. Departementet orienterer nærare om den årlege oppdateringa i eige brev til alle kommunar og fylkeskommunar.

Manglande oppdatering kan vere grunn for avslag på søknad om spelemidlar.

6.1.4 Saksbehandling og prioritering

Kommunane skal ved saksbehandling kontrollere at søknadene er fullstendige, og at naudsynte vedlegg ligg føre (sjå pkt. 2.2.8).

Kommunen skal godkjenne kostnadsoverslaget. Eigedomsavdelinga i kommunen kan gi vurderingar i samband med kostnadsoverslag for bygge- og driftskostnader. Prosjekt som er så lågt kostnadsrekna at dei ikkje vil kunne fullførast innanfor den oppgjevne kostnadsramma, eller prosjekt som er så kostbare at kostnadene ikkje står i rimeleg høve til bruksverdien av anlegget, kan ein ikkje rekne med vert stetta.

Driftsbudsjettet for store anlegg skal spesifiserast meir enn for mindre, lokale anlegg. For store, kostnadskrevjande anlegg må ein vurdere drifts- og likviditetsbudsjett særleg nøye.

Dersom kommunen gjennom saksbehandlinga finn at søknaden er tilfredsstillande dokumentert, vert det registrert i www.idrettsanlegg.no at søknaden er funnen å vere i orden. Dersom søknaden ikkje er tilfredsstillande dokumentert, skal det registrerast at søknaden ikkje er funnen å vere i orden.

Søknadene vert prioriterte gjennom politisk fatta vedtak og i samsvar med kommunen sin plan for idrett og fysisk aktivitet. Det er ein føresetnad at organisasjonane kjem med innspel i planprosessen i samband med kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og til fylkeskommunen sin plan for idrett og fysisk aktivitet.

6.1.5 Søknadsgrupper

Kommunen skal sette opp søknadene i to grupper:

- nærmiljøanlegg
- ordinære anlegg

6.1.6 Oversending til fylkeskommunen

Oversending av søknader skjer ved at kommunane overfører søknader elektronisk til fylkeskommunen **innan 15. januar 2017**. I tillegg sender kommunen eit brev til fylkeskommunen med oversyn over prioritering av alle søknader som er mottekne i kommunen. Oversendingsbrevet skal vere signert av ordførar eller rådmann. Dersom ein annan enn ordførar eller rådmann signerer, skal delegeringsvedtak i kommunen dokumenterast i vedlegg til oversendingsbrevet.

Kommunen har ikkje rett til å avslå søknader. Difor skal alle søknader for søknadsperioden 2017 sendast til fylkeskommunen, uavhengig av om søknadene er funne i orden eller ikkje. Unntak er søknader som søkeren har trekt.

6.1.7 Utbetaling av midlar

Utbetaling av tilskot (delutbetaling og sluttutbetaling) vert formidla via kommunen som tek imot midlane frå fylkeskommunen. Utbetaling til tilskotsmottakar skal gjerast utan grunnlaust opphald.

6.1.8 Attestasjon av ferdig anlegg

Kommunen skal kontrollere og attestere på at anlegget er ferdigstilt i samsvar med førehandsgodkjende planar. Attestasjon skal gjerast på rekneskapsskjemaet, sjå www.idrettsanlegg.no.

6.1.9 Revisjon

Kommunerevisjonen skal gjennomgå og kontrollere rekneskapane. Kommunen skal kontrollere at revisoren får tilgang til endeleg godkjend søknad med vedlegg.

6.2 Fylkeskommunal saksbehandling

6.2.1 Saksbehandling av søknader og oversending av oversikter til departementet

Fylkeskommunane skal ved saksbehandling kontrollere at søknadene er fullstendige og at nødvendige vedlegg ligg føre, sjå pkt. 2.2.8. Fylkeskommunen skal vurdere kostnadsoverslag og finansieringsplan for anlegget. Driftsbudsjettet for store anlegg skal vurderast meir inngåande enn driftsbudsjettet for mindre anlegg. For store, kostnadskrevjande anlegg må drifts- og likviditetsbudsjett vurderast spesielt nøye.

Dersom nødvendige vedlegg ikkje ligg føre, eller om kostnadsoverslag, finansieringsplan eller driftsbudsjett ikkje er tilfredsstillande, er søknaden ikkje i formell orden, og fylkeskommunen skal avslå søknaden.

Fylkeskommunen skal sette opp oversyn over søknader i to søknadsgrupper:

- nærmiljøanlegg
- ordinære anlegg

Alle søknader, òg søknader som ikkje er funne å vere i formell orden, skal takast med i oversyna.

Oversyn over søknader skal sendast til departementet innan **15. mars 2017**.

Fylkeskommunen godkjenner om seinare og ny utbygging av interkommunale anlegg oppfyller vilkåra, jf. pkt. 2.6.3.

6.2.2 Fastsetjing av tilskot til fylkeskommunen

Departementet orienterer fylkeskommunane om den summen som er stilt til disposisjon for kvar fylkeskommune, etter at tildelinga til fylkene er gjort, med frist normalt innan **1. mai 2017**, jf. pkt. 1.3.1.

6.2.3 Prioritering av søknader og fordeling av spelemidlar

Fylkeskommunen gjer prioritering av søknader og fordeling av dei spelemidlar som er stilt til disposisjon av departementet, jf. fullmakt frå departementet til fylkeskommunane om å gjere fordelinga, sjå pkt. 1.2.

6.2.4 Overføring av tildelte summar til fylkeskommunen

Fylkeskommunane har frist til **15. juli 2017** med å sende inn oversyn over fordeling av tildelte midlar, inkludert spørsmål om utbetaling. Departementet overfører deretter midlar til fylkeskommunane.

Midlane skal settast på eigen, renteberande konto.

6.2.5 Utbetaling til den einskilde tilskotsmottakar

Fylkeskommunen utbetaler etter oppmoding frå tilskotsmottakaren tildelte spelemidlar til kommunen. Når det gjeld anlegg som ikkje er ått av det offentlege, formidlar kommunen tilskotet vidare og står ansvarleg overfor fylkeskommunen og departementet for at dette vert gjort i samsvar med vilkåra for det tildelte tilskotet.

Riksrevisjonen, departementet eller fylkeskommunen kan gjennomføre kontroll, anten ved gjesting på staden og/eller ved innsending av rekneskapane.

Det kan gjerast delutbetaling når arbeidet er kome godt i gang, og/eller når anlegget nærmar seg slutføring. Delutbetaling kan gjerast i samsvar med fylkeskommunen sin praksis.

Før utbetaling kontrollerer fylkeskommunen at det er stilt godkjend kommunal garanti når det er krav om slik garanti i det einskilde tilfellet, jf. pkt. 2.2.4.

Fylkeskommunen skal, inntil kontrollert rekneskap ligg føre, halde tilbake ein restsum som utgjer minst 15 % av tilskotssummen av spelemidlane.

Sluttutbetaling skjer etter kommunal stadfesting på ferdigstilling og framlegging av kontrollert rekneskap. Dersom den kontrollerte rekneskapen viser at anlegget er vorte rimelegare enn det godkjente kostnadsoverslaget som låg til grunn for tilskotet, skal tilskotssummen justerast og restsummen inndragast. Tilskotssummen skal ikkje overstige kontantutgiftene som går fram av rekneskapen.

For følgande anleggstypar skal spesiell dokumentasjon ligge føre før sluttutbetaling kan skje:

- idrettsgolv (hallgolv): godkjend testrapport
- kunstgrasbaner: godkjend testrapport
- friidrettsbaner med fast dekke: godkjend testrapport
- orienteringskart: godkjenning frå Norges Orienteringsforbund
- skitrekk: driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn)

6.2.6 Inndraging av tildelte spelemidlar

Anlegget skal fortrinnsvis realiserast seinast i tildelingsåret. Dersom tilskotsmottakarane ikkje har bede om utbetaling av midlar i løpet av eitt år etter at tilskotet er tildelt, bør fylkeskommunen kreve ei orientering om status for prosjektet.

Dersom tilskotsmottakarane ikkje har bede om utbetaling innan **to år** etter tildeling, dvs. frå datoen på tildelingsbrevet, vert midlane inndregne.

Slik inndraging skal gjerast av den fylkeskommunen som har tildelt tilskotet. Inndraging kan òg setjast i verk av departementet etter at saka er framlagt for fylkeskommunen. I heilt spesielle tilfelle kan fylkeskommunen gi utsetjing av inndraginga.

Tilskotsmottakar pliktar å levere rekneskap, jf. pkt. 5.1. Manglande rekneskap er å sjå på som eit brot på vilkåra for å få tilskot og vil kunne medføre at tilskotsmottakaren i framtida ikkje vil ha rett til å kunne søke om tilskot frå spelemidlane. Fylkeskommunen har avgjerdsrett i slike saker og dreg inn midlar som ikkje er utbetalte. Fylkeskommunen vil kunne kreve utbetalte midlar tilbakebetalt.

6.2.7 Fylkeskommunen si innsending av oversyn over tildelingar, utbetalingar og inneståande spelemidlar

Fylkeskommunen fører oversyn over tildelte og utbetalte summar, mottekne rekneskapar, inneståande ikkje-utbetalte midlar o.a. Tildelingar, utbetalingar, inndragingar og eventuelle tilbakebetalingar skal registrerast i idrettsanleggsregisteret.

Innan **1. april 2017** skal fylkeskommunen sende departementet eit oversyn som viser status over inneståande midlar per 31. desember 2016. Dette oversynet skal stadfestast av fylkesrevisjonen. Ein skal sende eige skjema for rapportering til fylkeskommunane. Viser oversynet at det er store ikkje-utbetalte midlar i fylket, kan det få innverknad på fordelinga av midlar neste år.

Tilskotsmottakarar som ikkje har levert rekneskap og utgreiing for tidlegare tildelt og utbetalt tilskot, skal som hovudregel ikkje verte tildelt nytt tilskot.

Tilskotsmottakarar som har inneståande spelemidlar, skal som hovudregel ikkje tildelast nytt tilskot.

6.2.8 Bruk av rentemidlar og inndregne midlar

Summar som vert inndregne, skal av fylkeskommunen settast inn på renteberande konto og nyttast til idrettsanleggsføremål etter nærare føresegn gitt av departementet.

Rentemidlar og inndregne midlar skal nyttast til idrettsanlegg som oppfyller dei formelle krava til å ta imot spelemidlar. Midlane skal i hovudsak vere tilgjengelege ved behandlinga av klagesaker, anten fylkeskommunen eller departementet stettar klagen. Etter at klagebehandlinga er avslutta, kan midlane nyttast til

- å gå vidare på prioriteringslista frå den ordinære tildelinga
- å gi tilskot til idrettsanlegg utanom søknadsfristen, til dømes ved tilleggsøyving ved mindre overskridingar

Det er eit vilkår at samla tilskot av rente-, inndregne og spelemidlar ikkje er større enn høgste satsen til den aktuelle anleggstypen.

Opptente renter og inndregne midlar i 2016 skal primært fordelast i 2017.

6.2.9 Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader (www.idrettsanlegg.no)

Fylkeskommunane sender eit oversyn til departementet innan **15. april 2017** over kva for nokre kommunar som har gjennomført oppdatering av anleggsregisteret for anlegg i sin kommune, jf. pkt. 6.1.3.

7. KLAGERETT

Departementet er klageinstans for vedtak som er gjort av fylkeskommunen i saker om søknader om tilskot i form av spelemidler.

Departementet er òg klageinstans for vedtak som er gjort av kommunane i saker om søknader om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for anlegg det vert søkt om tilskot til.

Forvaltingslova gir søkarar om tilskot i form av spelemidler og om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning rett til å klage over det vedtaket som er gjort av fylkeskommune og kommune, jf. forvaltingslova § 28 andre ledd.

I fylkeskommunen og kommunen si melding om vedtaket skal det mellom anna opplysast om klagerett og klagefrist, jf. forvaltingslova § 27 tredje ledd.

Når det gjeld vedtak treft av departementet som fyrsteinstans med heimel i desse føresegnene, er Kongen i statsråd klageinstans, og i departementet si melding om vedtak skal det opplysast om klagerett og klagefrist.

8. KOMPENSASJON AV MEIRVERDIAVGIFT VED BYGGING AV IDRETTSANLEGG

Det vart i 2010 oppretta ei ny rammestyrt ordning for kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. Ordninga er søknadsbasert, og kompensasjon vert gitt innanfor den ramma Stortinget løyver for det einskilde år. Søkarar som fyller vilkåra for å motta spelemidler til idrettsanlegg, med unntak av kommunar/fylkeskommunar og kommunale føretak, er omfatta av ordninga. Departementet fastset retningslinjene, medan det er Lotteri- og stiftelsestilsynet som har ansvar for forvaltning av ordninga.

For meir informasjon, sjå Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider, www.lottstift.no.

Under føresetnad av at Stortinget løyver midlar for 2017, vil ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg halda fram.

9. AKTUELL INFORMASJON

9.1 Spelemidler til utstyr

Tilskotsordninga *Spelemidler til utstyr* vert forvalta av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Lag og foreningar, inkludert særforbund, knytta til NIF kan søke om tilskot. Utstyr det kan søkast om tilskot til er avgrensa til ei liste for kvar einskild særiddrett og omfattar ikkje utstyr til drift eller personleg utstyr.

For meir informasjon om ordninga, sjå www.idrettsforbundet.no.

9.2 Lovgiving

Søkar/anleggseigar har sjølv ansvaret for å følge gjeldande og aktuelle lover og føreskrifter mv. i samband med søknad om og tildeling av tilskot, samt bygging og drift av spelemidelfinansierte anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Blant gjeldande lover og føreskrifter (alle med eventuelle seinare endringar) som er eller kan vere aktuelle, kan desse nemnast:

- lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27.06.2008, nr. 71
- lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven) av 16.07.1999, nr. 69
- lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) av 20.06.2008, nr. 42
- lov om jord (jordlova) av 12.05.1995, nr. 23
 - Om jordlova vert det særskilt opplyst om at § 12 om delingsforbud óg gjeld bruksavtalar vedrørande idrettslege føremål fordi avtalane går utover 10 år. Slike avtalar krev innhenting av delingssamtykke etter jordlova.
- lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. (konsesjonsloven) av 28.11.2003, nr. 98
- lov om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranseloven) av 05.03.2004, nr. 12
- lov om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) mv. (EØS-loven) av 27.11.1992, nr. 109 (samtidig med EØS-avtalens ikrafttredelse) – kap. 2 om statsstøtte
- lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 (som erstattet delingsloven med virkning fra 01.01.2010)
- lov om produktkontroll og forbrukertjenester (produktkontrollloven) av 11.06.1976, nr. 79
- forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu mv. av 13. juni 1996, nr. 592

Nemnde lover og føreskrifter i oversynet over er ikkje uttømmende. Ytterlegare informasjon om lover og føreskrifter finst på www.lovdatab.no.

9.3 Publikasjonar

Under følger eit oversyn over nokre aktuelle publikasjonar frå departementet. Ein kan finne eit oversyn over fleire aktuelle publikasjonar på nettstaden www.regjeringen.no/idrettspublikasjoner.

Idrettsfunksjonelle løysingar

"Idrettshaller – Planlegging og bygging", V-0989 – 2016
"Skianlegg – Hopp", V-0983 – 2015
"Anlegg for kampsport – Planlegging, bygging og drift", V-0987 – 2015
"Målbok for idrettsanlegg", V-0976 B - 2015
"Klatreanlegg", V-0974 B - 2015
"Kunstgressboka" V-0975 - 2015
"Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet", V-0798 –2014
"Snøproduksjon og snøpreparering", V-0965 B – 2014
"Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg", V-0511 B – 2012
"Bygging av sandbaneanlegg", V-0945 B – 2009
"Tilrettelegging av turveier, løyper og stier", V-0939B – 2008
"Skianlegg", V-0688 –2007
"Snowboardpark" V-0938 –2006
"Grusbaneboka", V -0693 – 2004
"Naturgressboka", V-0897 - 2002

9.4 Kontaktinformasjon

Adresse:

Kulturdepartementet
Avdeling for sivilsamfunn og idrett
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

E-post: postmottak@kud.dep.no

Telefon: 22 24 80 64

Publikasjonsbestilling

Offentlege etatar/verksemdar kan bestille papirversjonar av aktuelle publikasjonar på følgjande måtar:

1. Bestilling via e-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
2. Elektronisk bestillingsløysing: www.publikasjoner.dep.no
3. Bestilling via post

Adresse: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Fellestjenesteavdelingen
Postboks 8129 Dep,
0032 Oslo

Dersom ein som privatperson eller privat verksemd ønsker papirversjonar av aktuelle publikasjonar, kan desse bestillast frå Fagbokforlaget.

Nettside: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

10. AKTUELLE ADRESSER

Oppdatert oversikt finnes på nettsiden www.idrettsanlegg.no

Kulturdepartementet 22 24 80 64
Avdeling for sivilsamfunn og idrett
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Adresseliste fylkesidrettskonsulentene per 15. mai 2016:

Østfold fylkeskommune Stein Cato Røsnæs 478 24 811
Regionalutviklingsavdelingen steros1@ostfoldfk.no
Postboks 220
1702 Sarpsborg
Robin Braaten 480 90 228
robbra@ostfoldfk.no
sentralpost@ostfoldfk.no

Akershus fylkeskommune Torgeir Berg 22 05 56 10
Avdeling for kultur, frivillighet torgeir.berg@afk.no 975 39 391
og folkehelse
Postboks 1200 Sentrum Torunn Korneliussen 22 05 56 75
0107 Oslo torunn.korneliussen@afk.no 413 18 495
postmottak@afk.no Espen Andersen 22 05 56 29
espen.andersen@afk.no 957 34 340

Oslo kommune Rune Fenne 482 11 107
Bymiljøetaten rune.fenne@bym.oslo.kommune.no
Postboks 636 Løren
0507 Oslo
postmottak@bym.oslo.kommune.no

Hedmark fylkeskommune Lars Gotaas 62 54 44 32
Postboks 4404 lars.gotaas@hedmark.org 411 06 913
Bedriftssenteret
2325 Hamar Kari Nilssen 480 74 327
kari.nilssen@hedmark.org
postmottak@hedmark.org

Oppland fylkeskommune

Regionalenheten
Postboks 988
2626 Lillehammer

Tuva Eiklid 61 28 90 70
tuva.eiklid@oppland.org 992 73 740

Roger Aa Djupvik 61 28 90 00
roger.aa.djupvik@oppland.org

postmottak@oppland.org

Buskerud fylkeskommune

Utviklingsavdelingen
Postboks 3563
3007 Drammen

Stig Kleven 32 80 89 70
stig.kleven@bfk.no 404 65 238

postmottak@bfk.no

Vestfold fylkeskommune

Kultur og idrett
Postboks 2163
3103 Tønsberg

Bård Andresen 33 34 40 96
barda@vfk.no 402 30 003
Rasmus Holst Mjaugeto 33 34 40 86
rasmusa@vfk.no 920 47 065

firmapost@vfk.no

Telemark fylkeskommune

Avdeling for regional utvikling
Postboks 2844
3702 Skien

Therese Surdal Lahus 35 91 74 32
therese.lahus@t-fk.no 992 76 530
Marte Aksnes 35 91 72 79
marte.aksnes@t-fk.no 915 25 278

post@t-fk.no

Aust-Agder fylkeskommune

Fylkesrådmannen
Postboks 788 Stoa
4809 Arendal

Nils André Gundersen 37 01 74 90
nils.andre.gundersen@austagderfk.no 481 17 438

postmottak@austagderfk.no

Vest-Agder fylkeskommune

Regionalavdelingen
Postboks 517 Lund
4605 Kristiansand S

Mats Dahl Aanonsen 38 07 47 02
mats.aanonsen@vaf.no 476 33 750

postmottak@vaf.no

Rogaland fylkeskommune Kulturavdelingen Postboks 130 4001 Stavanger firmapost@rogfk.no	Jostein Kvernes Salvesen jostein.kvernes.salvesen@rogfk.no Erik Søndena erik.sondenaa@rogfk.no	51 51 65 86 51 51 66 97
Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga Postboks 7900 5020 Bergen hfk@hfk.no	Björg Larsen bjorg.larsen@hfk.no Tore Andersen tore.andersen@hfk.no	55 23 91 65 918 40 920 55 23 92 87 982 55 249
Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga Postboks 173 6801 Førde postmottak@sentraladm.sjf.no	Atle Skrede atle.skrede@sfj.no	57 82 50 09 415 30 716
Møre og Romsdal fylkeskommune Kulturavdelinga Fylkeshuset 6404 Molde post@mr fylke.no	Petter Jensen petter.jenset@mr fylke.no Anders Ellingseter anders.ellingseter@mr fylke.no	71 25 89 01 922 34 244 71 25 88 43 909 64 795
Sør-Trøndelag fylkeskommune Enhet for regional utvikling Postboks 2350 Sluppen 7004 Trondheim postmottak@stfk.no	Frank Gjengaar frank.gjengaar@stfk.no Oddveig Bredesen oddveig.bredesen@stfk.no Karen Meland karen.meland@stfk.no	72 81 45 58 909 77 664 72 81 48 87 415 42 249 72 81 41 76
Nord-Trøndelag fylkeskommune Kulturavdelingen Postboks 2560 7735 Steinkjer postmottak@ntfk.no	Thor Brandt thor.brandt@ntfk.no Gisle Løseth gisle.loseth@ntfk.no	74 11 13 89 995 42 452 74 11 12 57 901 67 748

Nordland fylkeskommune

Folkehelse
Fylkeshuset
8048 Bodø

Kristin Hunstad 75 65 04 51
kristin.hunstad@nfk.no 915 95 954

Kari Hege Mortensen 75 65 04 59
kari.hege.mortensen@nfk.no 959 24 674

post@nfk.no

Troms fylkeskommune

Kulturetaten
Postboks 6600
9296 Tromsø

Johnni Håndstad 77 78 82 27
johnni.handstad@tromsfylke.no 995 77 390

Vibeke Skinstad 77 78 82 07
vibeke.skinstad@tromsfylke.no

postmottak@tromsfylke.no

Finnmark fylkeskommune

Kultur- og idrettsavdelinga
Fylkeshuset
9815 Vadsø

Emil Agersborg Bjørnå 78 96 32 45
emil.agersborg.bjorna@ffk.no

postmottak@ffk.no



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Rundskriv

VEDLEGG 1

Kommunar og fylkeskommunar

Nr.	Vår ref	Dato
V-0994-N	16/2665	15.06.2016

Orientering om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet til fordeling i 2017

Orienteringa gjeld tilskot av spelemidlar til

- ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- nærmiljøanlegg
- løypetiltak i fjellet og overnattingshytter i fjellet, ved kysten og i låglandet

Ein kan søke om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle).

Alle føresegner om tilskot av spelemidlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2016 er tekne med i

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016 (V-0732 B) og Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016 (V-0732 N).

Føresegnene og anna informasjonsmateriell kan hentast på departementet sin nettstad <http://www.idrettsanlegg.no>.

Offentlege etatar/verksemdar kan tinga publikasjonane frå Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon, e-post publikasjonsbestilling@dss.dep.no eller på www.publikasjoner.dep.no.

For løypetiltak og overnattingshytter i fjellet kan ein få informasjon ved å kontakte Den Norske Turistforening (DNT), e-post info@turistforeningen.no.

For overnattingshytter ved kysten og i låglandet kan ein få informasjon ved å kontakte Friluftsrådernes Landsforbund (FL), e-post friluft@online.no, Norsk Friluftsliv, e-post post@norskfriluftsliv.no eller DNT.

Søknadsprosedyre og fristar

Ein sender inn søknader elektronisk via nettstaden www.idrettsanlegg.no. Søknaden vert automatisk sendt til mottakar, som er den kommunen der anlegget skal ligge når det gjeld anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert nærmiljøanlegg, og DNT når det gjeld løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

For søknadsprosedyre og generell informasjon om spelemidlar til

- ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet og til nærmiljøanlegg, sjå V-0732 pkt. 1.3, samt kap. 2 og 3.
- løypetiltak i fjellet og overnattingshytter, sjå V-0732 kap 4.

For krav knytta til fornya eller gjenteken søknad, sjå V-0732 pkt. 2.2.9.

Krav til søkar

For oversikt over kven som kan søke spelemidlar og krav til søkarane, sjå V-0732 pkt. 2.2.1 for ordinære anlegg, pkt. 3.3.1 for nærmiljøanlegg og pkt. 4.2 for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

Kommunal plan

Anlegg, som ein søker tilskot til, skal inngå i ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Dette er ikkje eit vilkår for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar – ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Planar ein søker om tilskot til, må ha vore gjennom ei vurdering og vorte gitt ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å sikre at anlegget tek omsyn til idrettslege behov og gode idrettsfunksjonelle løysingar. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert gitt av den departementet gir myndigheit til, i dei fleste tilfelle kommunen, eller av departementet.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ligge føre før ein set i gang med byggearbeida. Sjå V-0732 pkt. 2.5.

Krav til drifta av anlegget

For krav til drift av og disposisjon over anlegget, sjå V-0732 pkt. 2.3, 3.2 og 4.9.

Kostnadskrevjande anlegg – plan for finansiering og drift av anlegget

Departementet gjer merksam på at ein stiller særskilte krav dersom andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søkar på anlegg med store kostnader (investerings- og driftsmessig), jf. V-0732 pkt. 2.2.3 og 2.2.4.

Tilskotsbeløp

Departementet syner til V-0732 pkt 2.6, 3.4 og 4.5 for informasjon om moglege tilskotsbeløp.

Rehabilitering av idrettsanlegg

For informasjon om tilskot til rehabilitering av anlegg, sjå V-0732 pkt 2.4. Ein finn òg nærare informasjon i V-0977B *Rehabilitering/ombygging av eldre idrettsanlegg*.

Rekneskapsplikt

Anleggseigar pliktar å føre rekneskap i tråd med dei retningslinjene som er fastsette av departementet, jf. V-0732 kap. 5.

Idrettsanleggsregisteret - årleg oppdatering

Oppdatering av idrettsanleggsregisteret www.idrettsanlegg.no vil vere ein føresetnad for at kommunar skal ha rett til å søke om spelemidlar komande år.

Nettportalen *Gode Idrettsanlegg*

Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU i Trondheim har med tilskot frå Kulturdepartementet utvikla ei webløysing som inneheld informasjon om ulike anleggstypar, forbildeanlegg, planløysingar og andre aktuelle forhold. Det finst også rettleiing og støttefunksjonar for prosjektering og prosjektgjennomføring. Nettstaden har adresse www.godeidrettsanlegg.no og er open for alle.

Med helsing

Per Kristian Aasmundstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Ole Fredriksen
avdelingsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Kopi:

Den Norske Turistforening
Det Frivillige Skyttervesen
Friluftsrådenes Landsforbund
Norges Bilsportforbund
Norges Fjellstyresamband
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norsk Friluftsliv
Norsk Kennel Klub
Oslofjordens Friluftsråd
Samenes idrettsforbund-Norge/Sámiid Valáštallan Lihttu-Norga
Samisk Reinkappkjørerforbund/Sámi Heargevuodjin-lihttu

SÆRLEGE TILSKOTSSATSAR I PRESSOMRÅDE

Følgande kommunar vert gitt tilskot på 15 % utover ordinært tilskot til ordinære anlegg.

Østfold:	Fredrikstad, Moss og Sarpsborg
Akershus:	Bærum, Ullensaker, Skedsmo, Lørenskog
Oslo	
Buskerud:	Drammen
Vestfold:	Sandefjord
Vest-Agder:	Kristiansand
Rogaland:	Sandnes, Stavanger og Sola
Hordaland:	Askøy og Bergen
Sør-Trøndelag:	Trondheim
Nordland:	Bodø
Troms:	Tromsø

Dei ovannemnde kommunane er aktuelle i tildelingsåra frå og med 2015 til og med 2018.

KRAV TIL VEDTEKTER SOM SKAL FØREHANDSGODKJENNAST AV KULTURDEPARTEMENTET

Søkarar om tilskot til idrettsanlegg kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF eller samanslutningar. For samanslutningar er det eit krav at vedtektene skal førehandsgodkjennast av departementet. Sistnemnde gjeld ikkje for burettslag og velforeiningar ved søknad om tilskot til nærmiljøanlegg.

For aksjeselskap, allmennaksjeselskap, stiftingar og samvirkeføretak er det utarbeidd egne standardvedtekter, sjå vedlegg 4-7.

For andre samanslutningar krev departementet at dette vert teke inn i vedtektene (i heilt spesielle tilfelle kan departementet gi dispensasjon frå krava):

Verksemd/føremål

[*Samanslutninga sitt namn*] si verksemd/sitt føremål er å eige, vedlikehalde og drive _____ anlegg [*namn*] for _____ [*det idrettslege føremålet*].
[*Samanslutninga sitt namn*] er utan eige økonomisk føremål.

Styremedlemer

Fleirtalet av styremedlemene skal veljast av [*namn på idrettslag osv. kommune osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot.*].

Bruk av overskot/formue

[*Samanslutninga sitt namn*] sitt overskot skal brukast til _____ [*det idrettslege føremålet*].

Ved oppløysing/avvikling av [*samanslutninga sitt namn*] skal [*samanslutninga sitt namn*] sine eigedelar tilkome _____ [*det idrettslege føremålet*].

Overføring av eigardelar

Overføring av [*form for eigardel (delar osv.)*] i [*samanslutninga sitt namn*] krev samtykke frå [*samanslutninga sitt namn*] sitt styre. [*Samanslutninga sitt namn*] sitt styre skal nekte overføring av [*eigardelane*] i [*samanslutninga sitt namn*] dersom det ligg føre sakleg grunn eller overføringa vil medføre brot på føresegner i vedtektene.

Eigarskap

Meir enn 50 % av [*form for eigardel (delar osv.)*] i [*samanslutninga sitt namn*] skal ved stiftinga og til kvar tid vere ått av kommunar/fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller andre samanslutningar som kan vere søkar om tilskot.

Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.

VEDTEKTER
FOR
*[stiftinga sitt namn]*¹⁵

1. Namn

Stiftinga sitt namn er *[stiftinga sitt namn]*.

2. Føremål

Stiftinga har som føremål å *[det idrettslege føremålet]*. Stiftinga er utan eige økonomisk føremål.

3. Stiftingskapital

Stiftinga er etablert med ein grunnkapital på kr *[sum]*.

4. Styremedlemer¹⁶

Alternativ 1:

Styret i stiftinga skal ha *[tal]* medlemer. Styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]*.

Alternativ 2:

Styret i stiftinga skal ha frå *[tal]* til *[tal]* medlemer. Styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune, idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]*.

5. Andre organ i stiftinga

[Dersom stiftinga skal ha andre organ enn styret, skal vedtektene opplyse om kva organ dette er, korleis medlemene i organa skal veljast, og kva makt og kva oppgåver desse skal ha.]

6. Bruk av overskot. Utdeling. Avvikling

Overskotet i stiftinga skal brukast til *[det idrettslege føremålet]*. Tilsvarande gjeld ved eventuell utdeling frå stiftinga.

Ved oppheving/avvikling av stiftinga skal eigedelane til stiftinga tilkome *[det idrettslege føremålet]*.

7. Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.

8. Tilhøvet til stiftelsesloven

Reglane i stiftelsesloven skal nyttast.

¹⁵ Punkt 1, 2, 3, 4 og 5 utgjer minstekrav til vedtektene etter stiftelsesloven § 10.

¹⁶ Vedtektene skal opplyse om talet på medlemer (alternativ 1) eller lågaste og høgaste tal på medlemer (alternativ 2) og korleis styret skal veljast. Stiftelsesloven § 26 og 27 stiller krav til styremedlemene. Kulturdepartementet krev at fleirtalet av styremedlemene skal veljast av idretten og/eller det offentlege. Dei aktuelle idrettslaga/kommunane osv. må namngjevast.

**VEDTEKTER
FOR**

[aksjeselskapet sitt namn] AS¹⁷

1. Namn

Selskapet sitt namn er *[selskapet sitt namn] AS*.

2. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i *[kommunen sitt namn]*.

3. Verksemd/føremål

Verksemda/føremålet til selskapet er å *[det idrettslege føremålet/verksemda]*. Selskapet er utan eige økonomisk føremål.

4. Aksjekapital – aksjane sitt pålydande

Aksjekapitalen i selskapet er kr *[sum]* fordelt på *[tal aksjar]* kvar pålydande kr *[sum]*.

5. Styremedlemer¹⁸

Alternativ 1:

Styret i selskapet skal ha *[tal]* medlemer.

[Tal] av styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]* og *[tal]* av generalforsamlinga.

Alternativ 2:

Styret i selskapet skal ha frå *[tal]* til *[tal]* medlemer.

Inntil halyparten av styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]*. Dei andre styremedlemene skal veljast av generalforsamlinga.

6. Dagleg leiar

[Vedtektene skal opplyse om selskapet skal ha fleire daglege leiarar eller om styret eller bedriftsforsamlinga skal kunne fastsetje at selskapet skal ha fleire daglege leiarar, og i så fall om fleire daglege leiarar skal fungere som kollektivt organ.]

¹⁷ Punkt 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 8 utgjer minstekrav til vedtektene etter aksjeloven § 2-2.

¹⁸ Vedtektene skal opplyse om talet på medlemer (alternativ 1) eller lågaste og høgaste tal på medlemer (alternativ 2).

Aksjeloven krev at fleirtalet av styremedlemene i selskapet skal veljast av generalforsamlinga.

Kulturdepartementet krev at dei andre styremedlemmene skal veljast av idretten og/eller det offentlege.

Dei aktuelle idrettslaga/kommunane osv. må namngjevast.

7. Generalforsamling

På den ordinære generalforsamlinga skal desse sakene handsamast og avgjerast:

1. godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga
2. andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

8. Registrering i verdipapirregister

[Vedtektene skal opplyse om aksjane skal registrerast i eit verdipapirregister.]

9. Bruk av overskot. Utdeling av utbytte. Avvikling

Eventuelt overskot skal brukast til *[det idrettslege føremålet]*. Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal egedelane til selskapet tilkome *[det idrettslege føremålet]*.

10. Overføring av aksjar

Overføring av aksjar krev samtykke frå styret i selskapet. Styret i selskapet kan nekte overføring av aksjane dersom det ligg føre sakleg grunn eller overføringa vil medføre brot på føresegner i vedtektene.

11. Eigarskap

Meir enn 50 % av aksjane i selskapet skal ved stiftinga og til ei kvar tid vere ått av kommunar/fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller andre samanslutningar som kan vere søkarar om tilskot.

12. Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.

13. Tilhøvet til den allmenne aksjelovgivinga

Reglane i aksjelovgivinga skal nyttast om ikkje anna går fram av vedtektene.

**VEDTEKTER
FOR**

*[allmennaksjeselskapet sitt namn] ASA*¹⁹

1. Namn

Selskapet sitt namn er *[selskapet sitt namn]* ASA. Selskapet er eit allmennaksjeselskap.

2. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i *[kommunen sitt namn]*.

3. Verksemd/føremål

Verksemda til selskapet/føremål er å *[det idrettslege føremålet/verksemda]*. Selskapet er utan eige økonomisk føremål.

4. Aksjekapital – aksjane sitt pålydande – talet på aksjar

Aksjekapitalen i selskapet er kr *[sum]* fordelt på *[tal]* aksjar kvar pålydande kr *[sum]*.

5. Styremedlemer²⁰

Alternativ 1:

Styret i selskapet skal ha *[tal]* medlemer.

[Tal] av styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune osv, idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]* og *[tal]* av generalforsamlinga.

Alternativ 2:

Styret i selskapet skal ha frå *[tal]* til *[tal]* medlemer.

Inntil halvparten av styremedlemene skal veljast av *[namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot]*. Dei andre styremedlemene skal veljast av generalforsamlinga.

6. Dagleg leiar

[Vedtektene skal opplyse om selskapet skal ha fleire daglege leiarar eller om styret eller bedriftsforsamlinga skal kunne fastsetje at selskapet skal ha fleire daglege leiarar, og i så fall om fleire daglege leiarar skal fungere som kollektivt organ.]

¹⁹ Punkt 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 utgjer minstekrav til vedtektene etter allmennaksjeloven § 2-2.

²⁰ Vedtektene skal opplyse om talet på medlemer (alternativ 1) eller lågaste og høgaste tal på medlemer (alternativ 2).

Allmennaksjeloven krev at fleirtalet av styremedlemene i selskapet skal veljast av generalforsamlinga. Kulturdepartementet krev at dei andre styremedlemene skal veljast av idretten/det offentlege. Dei aktuelle idrettslaga/kommunane osv. må namngjevast.

7. Generalforsamling

På den ordinære generalforsamlinga skal desse sakene handsamast og avgjerast:

1. godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga
2. andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

8. Bruk av overskot. Utdeling av utbytte. Avvikling

Eventuelt overskot skal brukast til *[det idrettslege føremålet]*. Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal egedelane til selskapet tilkome *[det idrettslege føremålet]*.

9. Overføring av aksjar

Overføring av aksjar krev samtykke frå styret i selskapet. Styret i selskapet kan nekte overføring av aksjane dersom det ligg føre sakleg grunn eller overføringa vil medføre brot på føresegner i vedtektene.

10. Eigarskap

Meir enn 50 % av aksjane i selskapet skal ved stiftinga og til ei kvar tid vere ått av kommunar/fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller andre samanslutningar som kan vere søkarar om tilskot.

11. Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.

12. Tilhøvet til den allmenne aksjelovgivinga

Reglane i aksjelovgivinga skal nyttast om ikkje anna går fram av vedtektene.

**VEDTEKTER
FOR**

[*samvirkeforetaket sitt namn*]

For samvirkeforetak krev departementet at følgande er med i vedtektene (i heilt spesielle tilfelle kan departementet gi dispensasjon frå krava):

1. Namn

Foretaket sitt namn er [*foretaket sitt namn*].

2. Forretningskontor

Foretaket sitt forretningskontor er i [*kommunen sitt namn*].

3. Verksemd/føremål

Verksemda til foretaket/føremål er å [*det/den idrettslege føremålet/verksemda*].

Foretaket har ikkje til føremål å gi medlemene økonomisk gevinst.

4. Andelsinnskot. Medlemskontigent

Medlemene skal yte andelsinnskot.

Kvart andelsinnskot er på kr [*beløp*]. Andelsinnskota skal ikkje forrentast.

Andelsinnskota skal [*ikkje*] betalast attende ved utmelding.

Medlemene skal [*ikkje*] betale kontigent.

5. Styremedlemmar

Styret i foretaket skal bestå av frå [*tal*] til [*tal*] personar.

Årsmøtet vel majoriteten av medlemene til styret. [*Namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot*] vel resten av medlemene.

Foretaket skal ha ein valkomité som skal føreslå kandidatar til styret. I valkomiteen skal [*namn på kommune osv., idrettslag osv. og/eller annan samanslutning som kan vere søkar om tilskot*] ha fleirtal. Komiteen skal elles bestå av medlemmer i foretaket.

6. Årsmøtet

På det ordinære årsmøtet skal ein behandle og avgjere følgande saker:

1. godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
2. val av styremedlemer
3. val av medlemmer til valkomiteen
4. ander saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under årsmøtet

7. Bruk av overskot. Utdeling av utbytte. Avvikling

Heile føretaket sitt overskot skal nyttast for [*det idrettslege føremålet*]. Det kan ikkje gjerast utdelingar frå føretaket til anna enn [*det idrettslege føremålet*].

Ved oppløysing av føretaket skal føretaket sin formue dekkje føretaket sine økonomiske skyldnader. [*Dernest skal ein betale attendebetaling av innskota til medlemene, dersom medlemene har krav på attendebetaling av innskota ved utmelding, jf. punkt 4 over*]. Ein eventuell restformue skal gå til [*det idrettslege føremålet*].

8. Medlemskap i føretaket

Oppretting og opphøyr av medlemskap skjer normalt ved innmelding og utmelding. Innmelding, samt overdraging av medlemskap avheng av samtykke frå styret i føretaket. Styret skal nekte overdraging av medlemskap dersom det ligg føre sakleg grunn eller overdraginga vil føre til brot på bestemmingane i vedtektene.

9. Eigarskap

Meir enn 50 % av den samla andelskapitalen skal til ei kvar tid vere ått av kommunar/fylkeskommunar, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller andre samanslutningar som kan vere søkarar om tilskot.

11. Vedtektsendringar

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.²¹

12. Tilhøvet til samvirkelova

Samvirkelova sine reglar kjem til bruk.²²

²¹ Vedtektene kan endrast etter bestemmingane i samvirkelova § 54.

²² Føretaket er omfatta av lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeføretak (samvirkelova). Bestemmingane i lova gjeld fullt ut med mindre dei er lovleg fravike i vedtektene her.

**AVTALEPUNKT
FOR
INTERKOMMUNALE AVTALER
OM
INVESTERING I OG DRIFT AV
STØRRE INTERKOMMUNALE IDRETTSANLEGG**

Jamfør pkt. 2.6.3 kan det søkast om ekstra tilskot på inntil 30 % av ordinær tilskotssats til større interkommunale idrettsanlegg, føresettt mellom anna at det er inngått bindande skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift.

I denne type interkommunale avtaler, som skal dokumenterast, skal dette framkome, eksempelvis oppstilt som følger:

Bidragsplikt for deltakarane – investeringar

Kvar av dei deltakande kommunane har plikt til å bidra med anleggsinvestering (minimum 5 % av godkjend kostnad) som for den einkilde kommune utgjer følgande:

- Kommune a - kr ...
- Kommune b - kr ...
- ... [*Evt. fleire*]

Bidraga skal dokumenterast før tildeling og utbetaling av tilskot.

Driftstilskot

Kvar av dei deltakande kommunane har plikt til årleg å yte tilskot i minimum 20 år til drifta av anlegget, og eventuelt inngå særskilt skriftleg driftsavtale på minimum 20 år. Tilskota frå kvar av kommunane skal vere i samsvar med dei einkilde kommunane sine bidrag til anleggsinvesteringar.



DET KONGELIGE
KULTURDEPARTEMENT

V-0914 B

Departementet ber om at det redegjøres for følgende punkter vedrørende arkitektur og estetikk ved søknad om forhåndsgodkjennelse av idrettsanlegg

Arkitektur - styring:

- er det utarbeidet arkitektoniske mål for prosjektet?
- er arkitekt, landskapsarkitekt og/eller interiørarkitekt engasjert?
- er det utarbeidet oppfølgingssystem for arkitektur-målene?

Estetikk og arkitektur:

- er anleggets arkitektur i harmoni med omgivelsene og tilpasset stedets byggeskikk?
- er bygget plassert i en overordnet planmessig sammenheng?
- utgjør anlegget og de tilgrensende uteområder en funksjonell enhet?

Materialvalg:

- er livsløpsanalyser lagt til grunn for valg av materialer?
- er materialbruken i samsvar med lokale byggetradisjoner?

Areal:

- er det utarbeidet bygge- og romprogram?
- er det satt krav til brutto-/nettofaktor?
- er det lagt opp til sambruk eller andre fleksible løsninger?



DET KONGELIGE
KULTURDEPARTEMENT

V-0915 B

Departementet ber om at det redegjøres for følgende punkter vedrørende miljøforhold ved søknad om forhåndsgodkjenning av idrettsanlegg

Miljøstyring:

- er det utarbeidet miljømål for prosjektet?
- er det utarbeidet konkrete tiltak på miljøsidan?
- er det utarbeidet oppfølgingssystem for miljømålene?

Materialvalg:

- er livsløpsanalyser eller analyse av miljøpåvirkning lagt til grunn for valg av materialer?
- er GRIP veilederen, miljøriktig prosjektering eller andre tilsvarende veiledere lagt til grunn for planleggingen?
- er det stilt krav om miljødeklarasjon for materialene/produktene?

Energi:

- varmekilder, er det fornybar energi?
- energifleksibilitet og effektivitet, er det benyttet vannbåren varme?
- er sentral driftskontroll tenkt etablert?
- er det tenkt benyttet økt isolasjon i forhold til forskriftene?

Avfall:

- ved ombygging; er det stilt krav om miljøsanering?
- er det stilt krav til leverandører om avfallsreduksjoner?
- er det lagt opp til kildesortering og gjenvinning på byggeplassen?
- er det laget en avfallsplan for byggefasen?

Transport:

- er det god kollektiv transport til anlegget?
- er det lagt sykkelsti eller gangsti til anlegget?

Naturinngrep:

- er det engasjert landskapsarkitekt?
- vil anlegget påvirke miljøet/omgivelsene eller grunnvannet?
- er hensynet til biologisk mangfold ivaretatt?

Publikasjonen V-0915-B finnes på Internett, se www.regjeringen.no/idrettspublikasjoner, eller den kan fås ved henvendelse til Kulturdepartementet.



DET KONGELIGE
KULTURDEPARTEMENT

Departementet ber om at det for spesielle anlegg er lagt ved følgende vedlegg i samanheng med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Golfanlegg

I tillegg til generelle bilag må søknader for golfanlegg innehalde

- baneplan 1 : 2000
- typisk tverrprofil av green og utslagsområde
- skildring av vatningsanlegg
- stadfesting på at anlegget har vore vurdert i høve til tryggleiksretteleiar utarbeidd av Norges Golf forbund

Idrettsbaner

I tillegg til generelle bilag må søknader for fotball-, friidretts-, tennis-, skeisebaner o.a. innehalde

- baneplan i målestokk 1 : 500 som viser merking, radiar og overhøgd/fall. Planar for anlegg med faste dekke skal vere i målestokk 1 : 200, og ein må oppgi nøyaktig avgrensing av det faste dekket.
- dreneringsplan i målestokk 1 : 500 som viser suge-, samle- og overvassleidningar og avskjeringsgrøfter, kummar og sluk
- snitt som viser eksisterande grunntilhøve (fjell, leire, myr osv.) og den planlagde oppbygginga av banen, med tjukn og korngradering på ymse lag i oppbygging av banen
- dokumentasjon for anlegg for undervarme med plan som viser plassering av varmesentral, røyrføringar og oppbygging av bane. Det skal gjerast greie for val av energikjelde.

Idrettshallar

I tillegg til generelle bilag må søknader for idrettshallar innehalde

- spesifikasjon av type golvbelegg i hallen
- utrekning av lys i hallen (luxverdi, jamnad o.l.)
- kopi av "Standard konkurransegrunnlag" for den valde golvløysinga

Kunstisanlegg

I tillegg til generelle bilag må søknader for kunstisanlegg innehalde framstilling med dimensjonering av kjøleanlegg som sikrar aktuelle klimatiske forhold. Val av kjølemedium skal meldast.

Det skal ligge føre teikningar som viser

- plassering av kjøleanlegg
- baneplan som viser komplette røyrføringar
- prinsipp for oppbygging av banen

Lysanlegg

Lysanlegg skal utformast i samsvar med NS-EN 12193. Det må liggje føre førehandsgodkjenning for sjølve hovudanlegget for at det skal kunne verte gitt stønad til lysanlegg. Lyspunkta/lysmastene må plasserast på plan i same målestokk som det krevst for hovudanlegget.

Vidare må ein gi opplysningar om

- lys (lux)
- jammnad
- lyspunkthøgde
- val av type lyskjelde
- naudlysanlegg (for hoppbakkar)

Orienteringskart

Orienteringskart skal følge Norges Orienteringsforbunds kartnormer. I staden for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, skal det ligge føre terrengfordelingsbekreftelse frå den o-krinsen som kartet ligg i, og kontrollør skal vere valt. Skjema som vert nytta i samband med melding av kartarbeid, som skal ligge føre i godkjend form frå aktuell krins, finn ein på Norges Orienteringsforbunds nettsider.

For kontroll i samband med sluttutbetaling av spelemidlar, sjå pkt. 6.2.5.

Skianlegg

Alpinbakkar

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- kart i målestokk 1 : 1000 / 1 : 5000 og ekvidistanse 1 m, med markering av anleggsområda og opplysningar om kva arbeid som skal gjerast
- lengdprofil med påførte opplysningar om minste, største og gjennomsnittlege helling

Hoppbakkar

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- planteikning i målestokk 1 : 200 eller annan relevant målestokk der alle tekniske data er påførte i eiga oppstilling. Planane skal, i tillegg til sjølve bakken, vise dommartribune, måletrapp, løpartrapp, trenartribune og eventuelt skitrekke/heis.
- lengdprofil i målestokk 1 : 200 som viser både eksisterande terreng og bakkeprofil. Her må òg dommartribunane og trenartribunane teiknast inn.

Langrennsanlegg

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- plan i målestokk 1 : 5000 som viser løyper med markering av anleggsområda og opplysningar om kva arbeid som skal gjerast
- lengdprofil av løyper som skal visast i føremålstenleg målestokk 1 : 20000 for lengd og 1 : 2000 for høgd
- skildring av største samanhengande stiging, skilnad mellom høgaste og lågaste punkt i løypa og samla stiging (totalt)
- plan for skistadion i målestokk 1 : 1000
- opplysningar om løypebreidder med typiske snitt i målestokk 1 : 50

Skiheisar/skitrekk

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- teknisk godkjende planar for sjøve bakkeanlegget
- trekk/heistrasé innteikna på planane for anlegget
- lengdprofil av traséen

Konsesjon frå fylkesmannen skal ligge føre ved søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av skiheis/skitrekk.

Skytehallar/-anlegg

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- lysutrekning (luxverdi for skive-, standplass- og allmennlys)
- ventilasjonsanlegg med plassering av inn- og utblåsningsventilar og talet på luftskiftingar

Førehandsgodkjenning frå politistyresmakt må ligge føre.

Stall

Førehandsfråsegn frå Mattilsynet må ligge føre.

Symjehallar

I tillegg til generelle bilag må søknader innehalde

- utrekning av lys i hallen (luxverdi, jamnad og plassering)
- utrekningar av akustikk i hallen



DET KONGELIGE
KULTURDEPARTEMENT

Departementet tilrår at følgende punkt for estetikk og miljø vert vurdert ved bygging/rehabilitering av anlegg

Estetiske kvalitetar

Ved idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av idrettsanlegg bør det kome tydeleg fram at estetiske forhold er grundig vurderte for ei best mogleg tilpassing av anlegget, både i seg sjølve og i forhold til omgjevnadene. Ein tilrår difor å engasjere arkitekt og andre rådgjevarar ved større anlegg/bygg.

Utgreiinga kan vere basert på departementet sine skriv V-0914 B og V-0915 B (sjå vedlegg 9 og 10).

Det er ynskjeleg med ei funksjonell arealdisponering der bygg, idrettsbaner, tilkomsttilhøve, veg, parkering og grøntanlegg/planting inngår i ein god og samlande heilskap. Anlegga bør i tilstrekkeleg grad ta omsyn til omgjevnadene, både når det gjeld innpassing i natur- og kulturlandskap og samspel med eksisterande bygningar i området rundt. Det er difor viktig at eventuelle inngrep i naturen vert utførte skånsamt, og at anlegget/bygget vert avslutta mot terrenget på ein god måte. Anlegga bør ha nok areal til vegetasjon og plantning og til buffersoner mot grannar. Det er viktig å ha eit medvite forhold til eigenarten til staden når det gjeld bygningsstruktur, takformer, fargar osv. til omkringliggende bygningar.

Visuelle kvalitetar

Det bør vere ein god komposisjon av volum, flater og materialar. For større idrettsbygg og -anlegg er formmessig artikulasjon særleg viktig. Dette kan løysast på fleire måtar:

- oppdeling av volum, sprang i flater, fargesetjing
- konstruktiv og formmessig djervskap
- særleg omsorg i utforming av viktige parti, til dømes inngangsparti

Tilbygg

Ved tilbygg til eksisterande hus er det viktig å ta omsyn til den opphavlege karakteren til bygget, vurdere kva estetiske element som bør behaldast og kva som bør/kan endrast.

Arealfordeling

Gode romløyseringar og sambandsliner mellom rom: Ein bør gi publikumsareal, til dømes inngangsparti og vestibyle, særleg omtanke i utforminga. Tilrettelegging for sosial kontakt.

Gjennomtenkt arealbruk

Tilrettelegging for fleksibel bruk og tilpassingshøve ved framtidige endringar. Høg grad av arealeffektivitet vil medverke til redusert ressursforbruk i både bygge- og driftsfasen. Høg grad av arealfleksibilitet vil legge til rette for både fleksibel bruk og framtidige endringar.

Vurdering av miljømessige kvalitetar i anlegget

Ved plassering på tomt bør desse *miljøtilhøva* vurderast:

- om lokalklima og vind vil påverke energiforbruket
- om anlegget vil verte påverka av lokal luftureining eller støy
- om anlegget vil skape lokal ureining eller støy
- om anlegget vil verte påverka av radon og grunnureiningar
- om plasseringa av anlegget vil føre til meir biltrafikk fordi det ligg langt frå kollektiv transport

Materialbruk bør vurderast ut frå funksjonelle og estetiske omsyn og ut frå FDVU-kostnader (motstandsevne over tid). Bygningsmaterialane bør vere varige og miljøvenlege. Dette vil medverke til å sikre eit godt inneklima.

Ein bør prioritere bruk av Svanemerka byggevarer eller byggevarer som fyller slike krav.

Energi

Energibruken bør vurderast ut frå både energifleksibilitet og energieffektivitet. Dei valde energiløysingane bør i størst mogeleg grad vere grunna på fornybare energikjelder.

Bruk av vassboren varme er eit viktig tilskot til høg energifleksibilitet ved at lokale fornybare energikjelder kan brukast til å varme vatnet som sirkulerer i systemet. Bruk av varmpumper er eit viktig tilskot til god energieffektivitet og god driftsøkonomi i idrettsanlegg. Ein skal utføre utrekningar av energibehov og varmetapstal i bygningane i samsvar med NS 3031 "Beregning av bygningers energidata – Metode og data" (TEK10 14-1 (2)).

Avfall

Avfallsmengdene vert reduserte mest effektivt gjennom prosjektering og ei medviten haldning til avfallet frå bygging av nye idrettsanlegg. Ein krev tilsvarande haldning til avfallsprodukt ved rehabilitering eller riving av eldre anlegg.

Det skal ligge føre ein avfallsplan for både byggefasen og driftsfasen ved bygging av nye idrettsanlegg, og dessutan krav om avfallsminimerande tiltak i byggeperioden. Det skal ligge føre både miljøsanerings- og avfallsminimerande tiltak i byggeperioden.

Vassøkonomiske armaturar sparar både energi og vatn.

For regelverk og informasjon vedrørande miljø, sjå www.miljostatus.no.

Definisjonar av turvegar, turløyper og turstiar

VEDLEGG 13

Med ryddebreidde meiner ein samla breidde: bruksbreidde + kantar. Det kan ytast tilskot til lysanlegg for turvegar og turløyper.

		Turvegar	Turløype (ski)	Turstiar
		<ul style="list-style-type: none"> - Fleirfunksjonelle traséar med høg grad av utnytting - For ferdsel til fots, på ski, med sykkel, barnevogn eller rullestol - Stor grad av opparbeiding, lett å kome fram - Må tåle køyring av vedlikehaldsmaskinar - Skal ha fast og jamt toppdekke - For heilårsbruk - Krav til universell utforming (dekke og stigningsgrad) 	<ul style="list-style-type: none"> - Berekna for heilårsbruk - Rydda og merka - Lett å kome fram for turgåarar på ski, løypemaskinar og naudsynt vedlikehaldsutstyr - Større grad av oppbygging av grunnen (god bereevne) enn ein tursti - Jamt toppdekke - Solid og godt drenert underbygging, normalt grøfta og har stikkrenner - Universell utforming så langt det er mogleg - Ikkje tilrettelagt for trening eller konkurransar 	<ul style="list-style-type: none"> - Traséar primært for ferdsel til fots - Rydda, merka og med avgrensa grad av opparbeiding - Som oftast knytt til natur- og friluftsområde - Lettare å kome fram enn på ein vanleg sti - Overvatn er leidd vekk - Det er bygd klopper/mindre bruer og kavlar - Normalt inga belysning - Ved skiløype må ein gjere noko grunnarbeid
Ordinære anlegg	Lys	Bør vere belysning	Bør vere belysning	Kan vere, men normalt ikkje belysning
	Anbefalt breidde	Asfalt: ryddebreidde 4-5 m, bruksbreidde 2,5-3 m. Skiløype: min. 4 m, helst 5-6 m (plass til preparering)	Ryddebreidde 6-8 m, bruksbreidde 3-4 m.	Ryddebreidde 2 m, bruksbreidde 1-1,5 m
	Min. lengde	2 km, sjå òg pkt. 2.6.5	2 km, sjå òg pkt. 2.6.5	2 km, sjå òg pkt. 2.6.5
	Min. kostnad	Kr 150 000	Kr 150 000	Kr 150 000
	Skriftleg avtale	30 år	30 år	30 år
Nærmiljøanlegg	Lys	Bør vere belysning	Kan vere belysning	Kan vere, men normalt ikkje belysning
	Anbefalt bredde	Ryddebreidde 3-4 m, bruksbreidde 2 m	Ryddebreidde 4 m, bruksbreidde 2 m	Ryddebreidde 2 m, bruksbreidde 1-1,5 m
	Min. lengde	500 m	500 m	500 m
	Min. kostnad	Kr 50 000	Kr 50 000	Kr 50 000
	Skriftleg avtale	20 år	20 år	20 år

Anleggspolitisk program

Spelemidler til idrettsanlegg

Det vert kvart år sett av midlar til idrettsanlegg i kommunane i samband med den årlege hovudfordelinga av spelemidler, jf. post 1.1 på hovudfordelinga. I tillegg vert det sett av midlar til anlegg på post 1.2 på hovudfordelinga. Desse midlane vert fordelt innanfor ordninga "Anleggspolitisk program".

Anleggspolitisk program

Anleggspolitisk program vart innført i 2003. Dei to fyrste programma strakk seg over fire år kvar, 2003-2006 og 2007-2010. Ordninga vart vidareført for eitt år om gongen i 2011, 2012 og 2013. Per i dag er programmet inne i ein ny periode på fire år for åra 2014-2017.

Programmet er frå og med 2014 retta mot anlegg som det er ønskeleg å prioritere ut frå anleggspolitiske vurderingar.

Tidlegare har anleggspolitisk program òg omfatta midlar til anlegg i pressområde og midlar til utstyr. Frå 2013 vart tilskot til utstyr ein eigen post på hovudfordelinga. Tilskot til anlegg i pressområde er frå 2014 lagt inn i post 1.1 i hovudfordelinga.

Søknadsprosess

Midlane frå anleggspolitisk program, òg kalla programsatsingsmidlar, vert fordelte på ulike anleggstypar. Desse vert valde i samråd med Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Etter at anleggstypar er valde, kallar Kulturdepartementet inn aktuelle særforbund til møte for å kartlegge prosjekt som er aktuelle for programsatsingsmidlar. Anleggseigar sender deretter ein søknad til departementet saman med ei anbefaling frå aktuelt særforbund. Innkomne søknader vert behandla administrativt før desse vert lagt fram for politisk leiing for vedtak.

Perioden 2014-2017

Målet for anleggspolitisk program i perioden 2014-2017 er å sette av 160 mill. kroner. Det er foreløpig sett av 40 mill. kroner i 2014, 40 mill. kroner i 2015 og 40 mill. kroner i 2016.

I samråd med og etter innstilling frå NIF er det bestemt at følgande anleggstypar skal kunne få midlar gjennom anleggspolitisk program 2014-2017:

- større heilårs skianlegg – primært asfaltering av rulleskiløyper – totalt 28 mill. kroner
- kampsportanlegg – totalt 20 mill. kroner
- turnanlegg – basishallar med fast utstyr, groper etc. – totalt 20 mill. kroner
- symjeanlegg – idrettsbasseng 25 meter – totalt 40 mill. kroner
- isanlegg – totalt 12 mill. kroner
- pott på 40 mill. kroner til anlegg for andre idrettar (vert innstilt av NIF)

NIF har innstilt følgande på 20 mill. kroner av dei 40 mill. kronene til anlegg knytt til følgande særforbund:

- Norges Cykleforbund – 6 mill. kroner
- Norges Bedriftidrettsforbund – 6 mill. kroner
- Norges Skøyteforbund – 6 mill. kroner
- Norges Tennisforbund – 1 mill. kroner
- Norges Klatreforbund – 1 mill. kroner

NIF kommer i løpet av 2016 med ei innstilling på dei resterande 20 mill. kronene.

Utgjeve av:
Kulturdepartementet
Avdeling for sivilsamfunn og idrett

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 222 40 000

Publikasjonskode: V-0732 N
Trykk: Service- og tryggingorganisasjonen til
departementa - 06/2016 - 400